

1. KOMMUNEDIREKTØR SI INNLEIING	5
2. FORMANNSKAPET SI INNSTILLING	7
3. KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK.....	8
4. HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN	9
1.1. Definisjonar	10
1.2. Evaluering og resultatoppfølging.....	11
1.3. Kommuneøkonomien.....	11
2. SAMFUNNSPERSPEKTIVET	12
2.1. Bulyst (Bygd -og stadutvikling, kultur, idrett, organisasjonsliv)	14
2.2. Livsløp.....	15
2.3. Miljø (Kulturarv, ressurs- og miljøforvaltning)	16
2.4. Næringsliv (Innovasjon, utbygging, landbruk og samferdsel)	18
3. TENESTEPERSPEKTIVET	20
3.1. Oppvekst.....	20
Barnehagane skal	21
Skulane skal	22
3.2. Kultur	22
3.3. Helse og omsorg.....	23
3.3.1. Kort om sektoren	23
3.3.2. Hovudmål.....	24
3.3.3. Strategiar	24
3.3.4. Status og utfordringar	24
3.5 Personell	25
3.4. Mottak og busetjing av flyktingar	28
3.5. Teknisk etat	28
3.5.1. Eigedom	29
3.5.2. Renovasjon, vatn- og avlaup.....	30
3.5.3. Kommunale vegar.....	30
3.5.4. Matrikkel-, plan og byggjesak.....	30
3.5.5. Landbruk, miljø og næring.....	31
3.6. Omstilling, effektivisering og gevinstrealisering	33
Bustadbygging	33
Kommunale bygg.....	33
Sentralskule – 3-1	33
Oppvekstreforma	33
Barnehageutvikling.....	34

Helsebygg – investeringar og behov	35
Velferdsteknologiprojekt	36
4. GJENNOMGRIPANDE FOKUSOMRÅDER	37
5. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET	38
6. BUDSJETT- OG ØKONOMIPLAN	41
6.1. Føresetnader budsjett.....	41
Finansielle måltal og handlingsregel	41
Bruk av fond	41
Folketalsutvikling.....	42
Aktivitetsnivå og tenestetilbod	42
Frie inntekter	43
Eigedomsskatt	43
Sal av kraft.....	44
Andre inntekts- og kostnadsføresetnadar.....	45
Løn og pensjonsutgifter.....	45
Kostnadar til kjøp av varer og tenester	46
Refusjon ressurskrevjande tenester.....	46
Renter og avdrag	46
Startlån og tilskot til etablering eller tilpassing.....	46
Busetting av flyktningar:.....	46
6.2. Interkommunale samarbeidsavtalar (IKS).....	47
6.3. Tilskot og overføringar	48
Kyrkja - fellesrådet.....	51
6.4. Nye driftstiltak.....	51
6.5. Innsparings- og effektiviseringstiltak	52
6.6. Økonomisk oversikt drift.....	54
Avsetting og bruk av bundne sjølvkostfond og fond frå øyremerka tilskot.....	55
6.7. Bevillingsoversikt drift.....	56
Bevilling pr område	57
6.8. Investeringstiltak.....	58
Utlån av eigne midlar	62
6.9. Bevillingsoversikt investering	63
6.10. Investeringsplan pr. prosjekt.....	64
6.11. KOSTRA-nøkkeltal og analyse.....	65
7. GEBYR OG BETALINGSSATSAR	65

7.1.	TEKNISKE TENESTER	65
	Kapittel 1. Private planforslag	65
	Kapittel 2. Bygge- og fradelingsaker	68
	Kapittel 3. Eierseksjonering	73
	Kapittel 4. Oppmålingsforretning	74
	Kapittel 5. Almennelige bestemmelser	76
7.2.	LANDBRUK	78
7.3.	RENOVASJON, SLAM, VASS- OG AVLØP OG FORUREINING	78
7.4.	ÅRSGEBYR SLAM (alle tal i kr inkl. mva.)	78
7.5.	VASS- OG AVLØPSGEBYR	79
7.6.	GEBYR FOR ARBEID ETTER FORSKRIFT FOR MINDRE AVLØPSANLEGG	81
7.7.	FEIING	82
7.8.	HUSLEIGESATSAR	82
7.9.	BETALINGSSATSAR BARNEHAGE	84
7.10.	BETALINGSSATSAR SFO	84
7.11.	BETALINGSSATSAR KULTURSKOLE	85
7.12.	BETALINGSSATSAR HEIMEBASERT OMSORG	85
7.13.	BETALINGSSATSAR HELSE	86
7.14.	ANDRE BETALINGSSATSAR	87
	Betalingssatsar knyta til vigsel	87

1. KOMMUNEDIREKTØR SI INNLEIING

Handlingsprogram og økonomiplan er grunnlag for politisk arbeid med budsjett og handlingsplan 2024-2027. Dokumentet viser kva forslag kommunedirektør har for budsjett med vurderingar og naudsynte tilpassingar.

Kommunedirektør sitt budsjettframlegg 2024 er saldert og lagt fram i balanse.

Statsbudsjettet syner at Hemsedal vil få ein vekst i frie inntekter på 4,1%. Dette betyr at kommunen må dekke deler av lønns- og prisveksten sjølv utan å få dette kompensert over skatt og ramme. Vi har i budsjett lagt inn noko utgiftsauke på områder som har hatt særskilt prisauke. Dette er utfordrande for alle sektorar. Det er mange ynskje ein ikkje har funne rom til i dette budsjettet.

Inntekt frå sal av kraft har vore, og er ei viktig føresetnad for å saldere budsjett. Det er lagt til grunn ei inntekt på 33 mill. for 2024 basert på prognose frå Hemsedal Energi, som har pr. november sikra 45 % av krafta. Ein kan ikkje vente tilsvarende inntekter i åra som kjem. Administrasjonen reduserte difor kraftinntektene for perioden 2025-2027 til 17 mill. i 2025, 14 mill. i 2026 og 12 mill. i 2027. Også inntekter frå eigedomsskatt og andre gebyrinntekter vert påverka negativt sidan ein ventar noko lågare aktivitet som følgje av høgare rente, lønns- og prisvekst. Dette presser økonomien til kommunen, samstundes med at færre nye abonnentar i kombinasjon med store investeringar gir eit høgare gebyrnivåa innan sjølvkostområdet.

Det store spørsmålet er kva for vekst ein skal legge til grunn for kommande planperiode. Ei uroleg verden verker og inn på Hemsedal som reiselivskommune. Kommunen står samstundes framom fleire store investeringar i barnehage, helsebygg, bruer og veganlegg, men også hall for fleirbruk og kroppsøving. Kommunen må samstundes avklare kva for rolle ein vil ta for å fremje bustadbygging. Det er ein føresetnad at investeringane gir ei klar effektiviseringsgevinst, sikrar gode tenester, betring av arbeidsmiljø og ei økonomisk gevinst for kommunen. Fleire av investeringane krev difor politiske prioriteringar. Skal kommunen planlegge for ein sentralbarnehage, eller skal ein forsøke å samle barnehagane der dei ligg. Korleis forene gamal bygningsmasse med ny, og korleis ivareta eit samla miljøkrav i høve framtidig busettingsmønster? Når må kommunen investere i infrastrukturkostnader, før ein kan hauste av desse investeringane?

Kommunedirektør foreslår å avgrense investeringane til absolutte "må tiltak", og i staden bruke ressursar på godt plan- og prosjekteringsarbeid. Rullering av arealdelen i kommuneplan, og rullering av ny sentrumsplan 2024-2025 vil leggje premisser for ein del av investeringane framover. Behandling av ny bustadplan vil og seie noko om kommunen si ønskja retning, og val av verktøy.

§ 14-1 i Kommuneleva krev at kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevne blir ivareteke over tid. Ut frå dette må ein kunne seie at Hemsedal har ein sunn økonomi, men drifta er ikkje berekraftig så lenge vi er avhengig av høge inntekter frå sal av kraft for å drifte dei kommunale tenestene. Det er avgjerande å analysere demografi opp mot omfang, kvalitet og struktur på tenestene.

I budsjett for 2023 vart det føresett ei innsparing på 5 mill. i 2024, nye 5 mill. i 2025 og nye 5 mill. i 2026. Dette har vore følgt opp med ei omfattande OU-prosess med pågåande omstruktureringar. Som del av økonomiplanarbeidet vert dette arbeidet nærmare presentert, og vil gi føringar for vidare arbeid. Økonomiplanen legg til grunn same føresetnadar for innsparing 2025-2027. Erfaringa så langt er at det har vore krevjande å ta ut gevinstar i 2023 med høgt sjukefråvær og fråvær av sentralt leiarsskap. Turnover og sjukefråvær er kompensert med dyre vikarløysingar spesielt i den første sjukeperioden der arbeidsgjevar

må dekke vikarkostnadane. Det vert difor sett i gang eit nærversprosjekt i 2024 med eigen prosjektleiar. Tiltak og gjennomføring sett krav til leiarskap og kompetanse. Kommunedirektør føresett aktivt leiarskap, med auka fokus på økonomisk mål- og resultatstyring. Vi må og sjå om det er tenester ein kan produsere betre eller meir rasjonelt saman med ein eller fleire av våre nabokommunar.

Føresetnadar for budsjett 2024 er som følgjer

Drift og tilskot

- OU- prosessar og resultat av strukturendringar skal identifisere tiltak som aukar nærvær, og sikrar ein berekraftig økonomi
- Sentralt planarbeid skal tydeleggjere politiske prioriteringar
- Utbetaling av tilskot og stønad er redusert til fordel for drift av kjerneverksemd

Investering

- Investeringar vert utsett, og redusert til eit minimum for å redusere initialkostnadar. Det vert avsett avbøtande tiltak spesielt for barnehage i ein overgangsfase
- Kvalitetssikring av investeringar med plan og prosjekteringsarbeid for å identifisere gevinst før gjennomføring av tiltak

Hemsedal, 9. november 2023

Ola K. Frogner

Konst. kommunedirektør

2. FORMANNSKAPET SI INNSTILLING

Jfr. Kommuneleva § 14-3 innstiller formannskapet til vedtak om økonomiplan og årsbudsjett. Saka vart behandla i utvida formannskap (økonomiutval) 28. november 2023, sak 81-2023.

Innstillinga frå formannskapet er basert på administrasjonen sitt framlegg med følgjande endringar:

- Investeringsramme for ny 8-avd. barnehage vart redusert frå administrasjonen sitt forslag på kr 88,6 mill. til kr 62 mill. Det skal gjennomførast ein vurdering med alternative plasseringar som tek omsyn til følgjande:
 - Eigarforhold av foreslått areal.
 - Gang/sykkelavstand til eksisterande eller framtidige bustadområder
 - Trafikale gode løysingar
 - Mogeleg utvidingsmuligheter for framtida - 2040/50
 - Unngå å komme i konflikt med dagens drift
 - Dyrka eller dyrkbarmark skal ivaretakast

Alternativa fremjast for politisk diskusjon våren 2024. Ber om at Tuv blir vurdert for 6 avd. i planane framover. I tillegg skal det ved langsiktig arealplan sikrast areal i Trøym sentrum

- Investeringsramme for auka hallkapasitet vart redusert frå administrasjonen sitt forslag på kr 56 mill. til kr 30 mill. Ferdigstillingstidspunktet vart samstundes flytta fram eit år frå år 2029 til år 2028.
- Investeringsramme for helsebygg med omsorgsbustader vart redusert frå administrasjonen sitt forslag på kr 134,2 mill. til kr 76 mill. Ferdigstillingstidspunktet vart samstundes flytta to år ut i tid frå år 2028 til år 2030. (Som følgje av utsett oppstart har administrasjonen endra forprosjekt frå kr 0,5 mill. i investeringskostnad til kr 250.000,- i driftskostnad for å starte utredning knytt til bruk av bygg i år 2024.)
- Kjøp av tenester frå HTTL vart auka frå administrasjonen sitt forslag på kr 1,155 mill. til kr 1,5 mill. i år 2024 og økonomiplanperioden.
- Kjøp av tenester knytt til samfinansiering av sansehagen vart auka frå administrasjonen sitt forslag på kr 0,- til kr 200.000,- i år 2024.
- Overføring av tilskot knytt til Vy busspilot – garanti vart auka frå administrasjonen sitt forslag på kr 200.000,- til 750.000,- i år 2024.
- Tilskot til Hemsedal Utmarksservice (HUS) vart auka frå administrasjonen sitt forslag på kr 525.000,- til kr 800.000,- til vinterdrift og frå kr 294.000,- til kr. 330.000,- til sommar drift i år 2024 og økonomiplanperioden. Tilskot til tidlegløypeprosjekt på kr 350.000,- vart ikkje endra. Samla tilskot til HUS er med det kr 1,48 mill. i 2024.
- Det vart sett av kr. 100 000 til kjøp av vakt/helseteneste – på vilkår om at Lov om off. anskaffing vert ivareteke
- Det vert ikkje sett av midlar til å investere i nytt løpedekke på idrettsplassen v/ Hemsedal skule

Nye tiltak og endringar vart vedteke finansiert ved å kutte avsetjing til disposisjonsfond og redusere overføring til investering, og såleis bidreg til ei auke i låneopptak.

Endringane er innarbeida i handlingsprogram og økonomiplan 2024-2027.

3. KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK

Handlingsprogram og økonomiplan vart vedteke i kommunestyret 20. desember 2024.

Vedtaket er basert på formannskapet si innstilling med følgjande endringar:

- Skattesatsen på eigedomskatt for bustad og fritidsbustader vart halde på 3 promille, og ikkje auka til 4 promille som i administrasjonen sitt framlegg og formannskapet si innstilling.
- Inntekt frå sal av kraft vart endra frå prognose som ligg til grunn for administrasjonen sitt framlegg, og auka med 5 mill. kvart år i åra 2025, 2026 og 2027. Det gir ei auka skattekostnad på 300'.
- Auka kjøp av tenester frå HTTL vart utsett inntil ny avtale kjem på plass. Kostnaden vart difor redusert frå formannskapet si innstilling på 1,5 mill. åreleg kjøp, til administrasjonen sitt opprinnelege framlegg på 1,155 mill.


Endringane, som har ein negativ resultateffekt på 5,6 mill. i budsjett 2024, finansierast med bruk av disposisjonsfond. Samla bruk av disposisjonsfond i økonomiplanperioden nå er på 9,3 mill.

Netto driftsresultat vart med det redusert frå 15,1 mill. og 3,7 % i driftsmargin, til 9,5 mill. og 2,4 % driftsmargin i budsjett 2024.

Endringane er innarbeida i handlingsprogram og økonomiplan 2024-2027.

4. HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN


Handlingsprogrammet er eit strategidokument som viser kjerneverksemd, verdigrunnlag, visjon, utfordringar og strategiske mål. Det er bygd opp med kopling mellom plantema som er vedtatt i kommuneplanens samfunnsdel (2019-2030), vedteke handlingsprogram, vedtak i kommunestyret og andre nasjonale og regionale føringar. Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planer skal følgjast opp i medhald av § 14-4 i Kommuneleva. Det er nær samanheng mellom kommuneplan, handlingsprogrammet og økonomiplan, noko som kan illustrerast slik;



Visjon kan definerast som ein overordna framtidig ønska tilstand/situasjon. Visjonen skal motivere til å arbeide i felles retning og vere ei rettesnor som viser kva Hemsedal kommune vil vera, eller kva posisjon kommunen vil ha.



Årshjulet for økonomiplanarbeidet i kommunen illustrerer samarbeidet mellom administrasjonen og politikarane for arbeidet med økonomiplanen gjennom året:



1.1. Definisjonar

Handlingsprogrammet beskriv strategiar og tiltak knytt til fire perspektiv:

- Samfunnsperspektivet tar for seg sektor overgripande og planlagt utvikling i kommunen.
- Tenesteperspektivet skildrar strategiane for dei tenestene og oppgåvene som kommunen utfører overfor sine innbyggjarar og besøkande.
- Medarbeidarperspektivet viser kommunen sin politiske og administrative struktur og bygger på ein grunnleggande tanke om at dei tilsette er kommuneorganisasjonen sin viktigaste ressurs.
- Økonomiperspektivet skisserer økonomiske rammer og mål som er gjeldande i økonomiplanperioden.

Mål eller målsetting er ein klart formulert tanke, ide eller intensjon om ein ønska framtidig tilstand eller slutt punkt eit individ eller ein organisasjon planlegg å oppnå. Mål kan gi retning til vidare arbeid og styre utviklinga mot målet. Mål er det ønska sluttresultatet, medan plan, oppgaveløysing og strategi er framgangsmåten som vert brukt for å oppnå målet.

Resultatindikator bør vere ein målbar, eller talfesta skildring av mål oppnåing som eit verktøy for å sjå kor langt me har kome, altså indikator som fortel om resultatata undervegs.

Strategi skildrar både kvar ein vil på lang sikt og korleis ein kjem dit. Strategi er målrealisering, det ein tenker å gjere for å oppnå måla.

Tiltak er ein eller fleire handlingar som skal gjere Hemsedal kommune i stand til å nå fastsette mål.

1.2. Evaluering og resultatoppfølging

Systematisk evaluering og resultatoppfølging er ein viktig del av styringsprosessane i Hemsedal kommune, og skal sikre at vi går i retning av dei måla vi har sett oss.

Det er viktig å presisere at det i tillegg til nøkkeltal også er andre kjelder til kunnskap om vi faktisk går i retning av dei måla vi har sett oss. I arbeidet med å vurdere graden av måloppnåing bør det derfor leggst vekt på ein heilskapleg analyse av fleire ulike relevante kunnskapskjelder. Som eit resultat av det nasjonale indikatorarbeidet, vil Hemsedal kommune arbeide med å definere nøkkeltal for å måle om vi går i retning av dei måla vi har sett i kommuneplanen.

Klassifiseringsmodellen vil bli brukt aktivt for å hjelpe oss til å forstå kva dei enkelte tala faktisk måler, og dermed også til å vurdere kva tal som er best egna til å vurdere måloppnåing. Det vil bli lagt vekt på å velje nøkkeltal med god datakvalitet, og at det bør vere stor grad av kontinuitet i val av nøkkeltal frå år til år. Nøkkeltala vil bli utvikla vidare i årene framover, og desse vil i all hovudsak basere seg på offentleg statistikk frå SSB.

Det vert årleg kunngjort fleire rangeringar av kommunane i Noreg, der ulike kriteria vert vekta. Kommunestyret har eit mål om å vere topp 20% på desse målingane:

Kommunal Rapport Kommunebarometeret er samanlikning av landet sine kommunar, basert på til saman 151 nøkkeltal innan 12 ulike sektorar:

Kommunebarometeret	Mål	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Hemsedal	< 72	117	127	227	202	267	268

Av 356 kommuner

NHO sitt kommune NM rangerer kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse, og kommunal økonomi:

Kommune NM	Mål	2013	2018	2021	2022
Hemsedal	< 72	39	44	24	34

Av 356 kommuner

1.3. Kommuneøkonomien

Ein robust og berekraftig kommuneøkonomi er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar. Stabilitet og føreseielege vilkår i den økonomiske politikken gir grunnlag for god kvalitet i tenestene, nøgde brukarar, innbyggjarar og tilsette.

God økonomistyring og handlingsregler for driftsbudsjettet, investeringsbudsjettet, verdibevarande vedlikehald og finansforvaltninga skal bidra til å sikre ein framtidig berekraftig økonomi. Hemsedal kommune har eit godt økonomisk utgangspunkt. Forventa inntektsnivå ligg høgt samanlikna med andre kommunar, grunna forventa vekst i innbyggartal og aktivitet innan

bustad- og fritidsbustadsbygging. Hemsedal kommune har utfordringar knytt til eit høgt ambisjonsnivå for investeringar og høg lånegjeld. Det vil vere nødvendig med effektivisering og omstilling for å kunne oppretthalde den økonomiske berekrafta i perioden framover.

Hemsedal kommune skal ha kontinuerleg fokus på effektiv bruk av ressursar ved at det vert fastsett krav til effektivisering og produktivitet i tenestene gjennom årlege målingar og samanlikningar basert på KOSTRA-tall.

2. SAMFUNNSPERSPEKTIVET

Samfunnsperspektivet bygger på ei forståing av kommunen som samfunnsaktør som kan bidra til å utvikle kommunen i den retning innbyggjarane ønskjer. Samfunnsperspektivet skisserer dei strategiane som ligg til grunn for utvikling av lokalsamfunnet og som alle etatar er involverte i .

Mål og strategiar i Handlingsplanen er bygd opp kring dei 4 målområda i kommuneplanen sin samfunnsdel:

- 1. Bulyst** (Bygd- og stadutvikling, kultur, natur, idrett, organisasjonsliv)
- 2. Livsløp** (Oppvekst, helse og omsorg)
- 3. Miljø** (Kulturarv, klima, ressurs- og miljøforvaltning)
- 4. Næringsliv** (Innovasjon, utbyggingsstrategi, landbruk, samferdsel)

Målområda vert nærare konkretisert gjennom planarbeidet og endeleg stadfesta ved kommunestyret sitt vedtak av planstrategi. Så vil dei ulike verksemdplanane konkretisere tiltak som vil støtte opp om dei enkelte måla.

Vedteke planstrategi (2020) følger i figuren under, men justert i høve til gjennomføring. Tertialrapportering syner at mål om rullering/ vedtak av nye planar er på etterskot. Framlegg til økonomiplan tek sikte på å justere planarbeidet i høve til når dei skal starte opp, reviderast og rullerast.

Kommuneplanen samfunnsdel vart vedteke 7. mai 2020.

Kommuneplanens arealdel vart vedteke 6. desember 2018, og det har vore eit mål om å rullere denne i 2022-2023. Arbeidet har ikkje starta opp, men vil ha ei hovudprioritert for 2024.

Behandling av ny planstrategi vil avklare kva for planar kommunestyret ønskjer å prioritere i kommande planperiode.

AJOURFØRT PLANOVERSIKT - PLANBEHOV 2020-2023

PLANGRUPPE OG TEMA	VEDTEKEN/ UTARBEIDA	SAMORDNING			RULLERING(H) / OPPSTART(S) /REVIDERING(R)			
		KLIMA	BARN/UNGE	FOLKEHELSE	20	21	22	23
OVERORDNEDE PLANER								
Kommunal planstrategi	05.11.2020	X	X	X	R			R
Kommuneplan Samfunnsdel 2019-2030	07.05.2020	X	X	X				
Kommuneplan Arealdel 2018-2030	06.12.2018	X	X	X				R
Handlingsdel - Økonomiplan	15.12.2021	X	X	X	H	H	H	H
BEREDSKAPSPLANAR								
Overordna beredskapsplan	15.06.2022	X			R	R	R	R
KOMMUNEDELPLANER - TEMA								
Idrett og fysisk aktivitet 2018-2021	14.12.2017		X	X	H	utgår		
Hovedplan VA 2018-2030	25.09.2018	X						H
Energi- og Klimaplan 2019 – 2022	19.01.2019	X						H/R
Friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet	20.06.2023		X	X	S	S	S	H
Kulturminne- og kulturmiljø	NY			X	S	S	S	H
Naturmangfold	NY	X	X	X				H
KOMMUNEDELPLANER - AREAL								
Markegardslia-Lykkja 2015-2027	18.06.2015	x	X	X				
REGULERINGSPLANAR								
Detaljregulering for areal omkring Ulså skule	NY	X	X	X				R
Detaljregulering for Nye renovasjonspunkt	NY	X		X	S	S	S	H
Detaljregulering for Trøym sentrum – bustad	NY	X	X	X	S	H		R
Detaljregulering for Trøym bygdesentrum	NY					S	S	H
Områderegulering for Røggjelja	NY	X	X	X				
Detaljregulering for F17 – Golf/ Alpin IV	NY	X		X	S	S	S	S
FAG- OG TEMAPLANAR								
Stig- og løypeplan 2015-2018	09.10.2014			X	H	utgår		
Plan – overgang barnehage - skule 2015-2020	01.01.2015		X	X	R			
Strategisk næringsplan 2016 - 2022	18.06.2015							H
Beitebruksplan 2018-2022	21.06.2018				H	H	H	Utgår
Trafikktryggleiksplan 2020-2023	23.01.2020	X	X	X	H	H	H	H/R
Landbruksplan	NY							S
Kulturplan	NY		X	X				S
Hovudplan for kommunale veg	NY				S	H		R
Bustadplan	NY	X	X	X	S	S	S	H
Helse-, omsorg- og sosialplan	NY		X	X	S	H	H	H
Plan for busetting av flyktningar	NY							S

2.1. Bulyst (Bygd -og stadutvikling, kultur, idrett, organisasjonsliv)

Hemsedal er ein av få distriktskommunar som veks. Siste året har veksten stagnert. Frå utgangen av 3. kvartal 2022 til utgangen av 3. kvartal 2023 har Hemsedal hatt ei auke på 4 personar, og til saman 2633 er registrert busett. Ca. 40 % bur i Trøim sentrum, og det største regulerte bustadpotensiale ligg her. Bygda er ein attraktiv bukommune med appell spesielt mot alderssegmentet 25- 45 år, men stadig fleire fell utanfor den marknadsbaserte bustadmarknaden sjølv om dei ikkje er definert som vanskelegstilte. Hemsedal har ei relativt homogen samansetning av bustadar som ikkje er tilpassa små hushaldningar og «eldrebølga». Det finst ikkje eit variert tilbod av små einingar som dekkjer behova til den dei utvalde målgruppene. Det er få ledige bustadtomter, men private planinitiativ har eit potensiale som vil dekke behova. Vedtak av bustadplan, men også prioritering av tiltak vert eit hovudfokus for planperioden. Det er stort engasjement omkring Hemsedal si framtid. Det finns eit rikt fritidstilbod med urbane innslag av kafear og restauranttilbod. Hemsedal er òg ei bygd med levande tradisjonar, variert kulturliv og mange frivillige lag og organisasjonar. Det er stor aktivitet i kommunen og nye område er under utvikling for turisme, fritidsbustadar, samt næringsområde for handel, turisme og industri.

Mål 1. 3000 innbyggjarar innan 2030

Strategi:

- Vi skal ha varierte butilbod i alle prisklassar til alle målgrupper
- Vi skal regulere og stimulere til bustadbygging
- Vi skal ha barnehageplass til alle barn over 1 år
- Vi skal følgje opp buplikt som reiskap for fast busetting og tilgang på bustadar

Mål 2. Varierte moglegheiter for arbeid

Strategi:

- Vi skal ha kunnskap om målgruppa – kven er dei og kvifor flyttar dei hit og kvifor flyttar dei ut?
- Vi skal tilby «etablerarpakke» med rådgjeving, oppstartshjelp og ha oversikt over ledige lokale
- Vi skal sjå «Sesongarbeidarar som ressurs» med fokus på kompetanse og heilårsarbeidsplassar

Mål 3. Variert kultur- og friluftsliv

Strategi:

- Vi skal ha god innbyggjarinvolvering for utvikling av lokalsamfunnet (Kommune 3.0)
- Vi skal stimulere utvikling og samhandling mellom skule og frivillige organisasjonar
- Vi skal ha innbydande, attraktive sosiale møteplassar gjennom medveten estetikk og byggeskikk
- Vitale og attraktive tettstadssentrum

Mål 4. Attraktiv kommune for fritidsbustader

Strategi:

- Vi skal sjå konsekvensar og mogelegheiter for «Hytte som mellombels bustad»
- Vi skal sjå på hytteeigarane som ein ressurs og dørøpnar for næringsutvikling

	Tiltak knytt til målområda «Bulyst»	2024	2025	Resultatindikator
1	Ferdigstille bustadplan – konkretisere handlingsplan med prioriteringar	x		Vedtak av plan. Identifisere tiltak
2	Auka attraksjonsfaktor for sentrums- og bustadutvikling gjennom prosjekt «Smart fjellbygd»	x	x	Regulering Trøym
3	Alle sentrumsnære bustader og bustadtomter skal nyttast i tråd med føremål for å sikre tilgang på bustader.	x	x	Kartlegging og stikkprøver
4	«Aktive lokalsamfunn – kommune 3.0» der ansvar frå «kommunalt» til «lokalt» vert formalisert – partnerskapsavtalar	x	x	Initiere 1-2 tiltak Handlingsplan FIFA
5	Etablering av møteplassar - «Hyttetreff».	x	x	Samarbeid HemFRi
6	Rullering av arealdelen – kommuneplan	x	x	Planprogram 2024 Ferdig plan 2025

2.2. Livsløp

Hemsedal kommune har ei gunstig aldersfordeling med ein stor del unge vaksne mellom 25-45 år, noko som og gjer at eldrebølgja kjem seinare til Hemsedal enn resten av landet. Det har vore ein sterk og jamn vekst av arbeidsinnvandrarar dei siste åra, og det er registrert over 40 nasjonalitetar i dag, der dei fleste er frå Sverige, Polen, Danmark og Litauen. Hemsedal er ein kommune i vekst og auka innbyggjartal gjer også at tenestene må oppskaleras i tråd med folketalsvekst og vekst i tal av turistar. Turistar har krav på same tenester som dei har vedtak på i egen kommune, utan at det tilfører gjestekommunen midlar. Det er over snittet mange ungdomar som er plaga av einsemd og psykiske lidingar. Hemsedal er noko under snittresultat på nasjonale prøver for 5. trinn, medan fråfall frå vidaregåande er lågt. Turismen gir store fordelar med tanke på eit godt utbygd aktivitetstilbod, men også negative sider med auka tilgang til rusmiddel. Det blir stadig vanskelegare å få tak i kvalifisert arbeidskraft innanfor alle sektorar og det er viktig å ha ein god behalde- og rekrutteringsstrategi.

Mål 1. Inkluderande, levande og mangfaldig lokalsamfunn utan sosiale skilnader

Strategi:

- Vi skal legge til rette for eit rikt kultur-, idretts- og organisasjonsliv
- Vi skal auka kunnskap og forståing mellom minoritets-/majoritetsbefolkning

Mål 2. Barn og unge opplever meistring, tryggleik, trivsel og framtidstru

Strategi:

- Vi skal motivere barn og unge til å utvikle kreativitet og eigne evner for framtida
- Vi skal ha resultat på nasjonale prøver på landssnittet
- Vi skal ha god rådgjeving som sikrar at unge gjennomfører vidaregåande opplæring

Mål 3. Gode rutinar og sunn livsstil med tidleg innsats gjennom heile livsløpet

Strategi:

- Vi skal styrke foreldrefunksjonen gjennom å utvikle støttande arenaer og nettverk i Familiens hus i samarbeid med oppvekst, Helsehuset, barnevern og PPT
- Vi skal legge til rette for at innbyggjarane kan ta vare på eiga helse

Mål 4. Framtidsretta helse- og omsorgstenester og at eldre bur heime lengre**Strategi:**

- Vi skal ha helsetenester med brukarmedverknad, interkommunalt samarbeid og kvalitet
- Velferdsteknologi skal vera satsingsområde
- Vi skal utvikle god og systematisk samhandling med frivillige gjennom Hemsedal frivilligsentral

	Tiltak knytt til målområdet «Livsløp»	2024	2025	Resultatindikator
1.	Utarbeide ein overordna helse- og omsorgsplan	x		Vedteke pr 31/12
2	Turnus-heiltidskulturprosjekt	x		Implementering 2024
2.	Velferdsteknologiprosjekt innan helse	x	x	Gevinstrealiseringsplan og handlingsplan
3.	Rekruttering og inkluderingsprosjekt i samarbeid med NAV	x		Måloppnåelse ut fra plan juli 2023
4.	Ungdata - oppfølging og gjennomføring. Tema/program psykisk helse barn/unge, skuletinget, elev- og ungdomsråd.	x		Handlingsplan 31/12.
5.	Handlingsplan Oppvekstreforma - Samordne tenestene i møte med oppvekstreforma. Eit samarbeidsprogram mellom helse, barnevern, PPT og oppvekst	x	x	Gode resultat på analyseverktøyet FIT

2.3. Miljø (Kulturarv, ressurs- og miljøforvaltning)

Hemsedal står fram som ei flott fjellbygd med eit natur- og kulturlandskapet som vert lagt merke til. Hemsedal som turist- og landbruksbygd inneber utfordringar og moglegheiter. Område Skogshorn til Høgeloft er skjerma for utbygging. Forvaltning skal vere tufta på kunnskap, der kommunedelplan for naturmangfald, men også idrett, friluftsliv og anlegg (FIFA) tydeleggjer kommunen si «retning» framover. Rullering av kommuneplanen sin arealdel vert i denne planperioden det viktigaste plangrep som vil påverke oppnåing av miljømåla på lang sikt. Frå 2009 til 2021 har dei samla utsleppa auka med 1447,7 tonn CO₂-ekvivalantar i Hemsedal kommune. Dette utgjør 6,9 % auke (kjelde Miljødirektoratet). Som miljøfyrtårnkommune skal kommunen forsterke leiarskapet ved å implementere tydelege delmål, strategiar og tiltak i heile organisasjonen, med mål om å redusere samla CO₂ i kommunen som verksemd. Reduksjon vert grunngeve med auka fokus på klima og miljø, fleire el-bilar og meir klimavennleg utbygging, som og gjev meir energieffektive hus.

Mål 1. Noregs «grønaste» fjellbygd innan 2030 i høve CO2 utslepp

Strategi:

- Vi skal ha 10% auke av miljøsertifiserte verksemder pr. år fram mot 2030.
- Vi skal sette krav om fornybare energikjelder ved næring, transport og utvikling
- Vi skal ha 40% samla reduksjon i klimagassutsleppa i høve 2009- tall

Mål 2. Ta vare på kulturminne, naturmiljø og kulturlandskapet gjennom bruk.

Strategi:

- Vi skal gjere friluftsområde og kulturminne meir tilgjengeleg gjennom bevisst folkehelsearbeid.
- Vi skal auke kunnskapen om miljø hjå barn og unge, og bruke frivillige som ressurs.
- Vi vil kartlegge verdifulle naturområde og ta vare på desse.

Mål 3. Langsiktige og heilskaplege arealbruks- og utbyggingsplanar

Strategi:

- Vi skal skjerme samanhengande natur- og landbruksområde på nordsida av dalen frå foten av Skogshorn til og med Høgeloft.
- Vi skal fortette og samle utbygging basert på kunnskap og heilskapleg arealplanlegging.
- Vi skal oppretthalde verdien av viktige jordbruks-, støls og beiteområde med vekt på dyrka mark, biologisk mangfald og landskap.

Mål 4. Berekraftig klima- og energipolitikk.

Strategi:

- Vi skal omsette nasjonale mål til praktisk handling lokalt, knytt til klimagass- og energiforbruk.
- Vi skal stimulere til mindre energibruk pr. person og meir bruk av fornybar energi, utan at dette vert ein kostnad for miljøet omkring.
- Vi skal vera ein føregangskommune innan kommunal forvaltning.

	Tiltak knytt til målområdet «Miljø»	2024	2025	Resultatindikator
1.	Kartlegge viktige kultur-/natur miljø og bukvalitetar som er viktig å ta omsyn til for framtidige areal- og utbyggingsplanar mellom anna ved bruk av innbyggjarundersøking og fysiske registreringar	x	x	Fagrapportar innan 31/12
2.	Bruke «Klimarådet» aktivt som verktøy for å følgje opp energi- og klimaplan, og forvaltningsplan for vassforvaltning.	x	x	God medverknad med næring, og lag organisasjon
3.	Energieffektivisering av kommunale bygg	x	x	Gjennomføre investeringstiltak
4.	Halde fram med å oppretthalde Hemsedal som «Berekraftig reisemål», og sette mål og definere tiltak for aktiv «Besøksforvaltning».	x	x	Implementere kommunen sin «samfunnsdel» i arbeidet
5.	Gjennom internkontrollsystem, innkjøpsstrategiar og arbeid med miljøfyrtårn gjere leiarskapet meir ansvarleg for miljømåla til kommunen. (Måletal 2021 for Hemsedal kommune sine off. verksemder)	x	x	Redusert klimautslepp - <180 tonn
6.	Vidareføre ENØK fond for busette i kommunen, lag og org. som ledd i å møte det «grøne skifte» - same som 2023.	X	X	kr. 500 000/ år

Samla klimaregnskap for kommunen som verksemd basert på 2022 tall syner 192,4 tonn CO₂ – ekv. (CEMA_{sys}). Dei største tiltaka med resultatverknad vert vedlikehald og investeringar i bygg og anlegg, samt haldningsarbeid gjennom aktivt leiarskap innan følgande målområde.

Målområder - reduksjon:

Transport – Reduksjon 10 tonn CO₂ –ekv
Elektrisitet – Reduksjon 2 tonn CO₂ – ekv.
Avfall – Reduksjon 1 tonn CO₂ - ekv

2.4.Næringsliv (Innovasjon, utbygging, landbruk og samferdsel)

Reiseliv og landbruk er dei viktigaste næringane i Hemsedal som skapar stor aktivitet i bygg og anlegg, varehandel og overnattingsbransjen. Tradisjonelt landbruket sysselset stadig færre arbeidstakarar, ei avskaling som og førar med seg dårlegare gjerdehald og fleire arealbrukskonfliktar. Skrantesjuka (CWD) har ramma villreinen med saltsteinforbod som påverkar beiteåtferd hjå sau negativt. Sysselsette innan landbruk driv ofte med attåtnæringar grensa opp mot reiselivet. Store sesongvariasjonar innan reiselivet gjer at ein har underdekning på heilårsarbeidsplassar. Hemsedal har om lag 200 pendlarar som reiser ut av kommunen,- av desse flest til Gol. Utviklingspotensiale i Hemsedal er godt, men ei rente og kostnadsvekst, samt eit meir uroleg Europa vil påverke utviklinga i større grad enn tidlegare. Tal på nyetableringar er høg i høve tal innbyggjarar. Det er knappheit på ferdig regulerte næringstomter og næringslokale.

Mål 1. Heilårleg berekraftig reiselivsutvikling

Strategi

- Vi skal legge til rette for sykkel- og aktivitetstilbod som støtter opp under kjerneverksemd og destinasjon
- Vi skal støtte opp under Hemsedal Turisttrafikklag som eit samlande verktøy for reiselivsutvikling
- Vi skal bidra til kompetanseutvikling og fellesgodefinansiering av infrastruktur

Mål 2. 200 nye arbeidsplassar basert på eit variert og berekraftig næringsliv

Strategi:

- Vi skal stimulere til knoppskyting frå etablert næringsliv som grunnlag for heilårsarbeidsplassar
- Vi skal stimulere «grøn næringsutvikling» og etablering av kunnskapsbaserte verksemder
- Vi skal kartlegge og stimulere til etablering av næringsareal/- lokale, og lokale for produksjon
- Vi skal nytte RV52 sitt potensial som marknadskanal

Mål 3. Kreativt og innovativt entreprenørskap

Strategi:

- Vi skal stimulere «veksthus for næring» som synergi for reiseliv, kultur, mat og idrett
- Vi skal etablere «Møteplassar» for ungdom og næring med ressurspersonar
- Vi skal stimulere ungt entreprenørskap i skulen, samt tilrettelegging for lærlingplassar

Mål 4. Miljøvennleg infrastruktur og kollektivtilbod

Strategi:

- Vi skal legge til rette for sykkel og mjuke trafikkantar ved utbygging
- Vi skal jobbe for samanhengande kommunikasjon buss/tog mellom storbyregion Oslo/Bergen og Hemsedal

Mål 5. Eit landbruk bygd på framtidstru og miljø

Strategi:

- Vi skal stimulere til god samhandling mellom landbruk og turisme
- Vi skal stimulere til eit miljøvennleg landbruk med lokal foredling og produksjon
- Vi skal stimulere til fornybar energi basert på landbruket sitt råstoff og avfall som biogassanlegg
- Vi skal ha nullvisjon for tap av matjord

	Tiltak knytt til målområdet «Næringsliv»	2024	2025	Resultatindikator
1.	Bidra til auke i næringsareal, og om nødvendig regulere	x	x	Tall næringsareal gjort tilgjengeleg for marknaden
2.	Saman med regionale aktørar, utvikle og teste ut verktøy til fremje for innovasjon og entreprenørskap. (Strategisk plan for Hallingdal)	x	x	Formalisere regionalt næringsarbeid
3.	Rullering av Strategisk næringsplan	x		Vedtak 2024
4.	Gjennom utbyggingsavtalar og samarbeid med Hemsedal Infrastrukturselskap (HIAS), HUS og andre utbyggerar sikre berekraftig destinasjonsutvikling	x	x	Evaluering, og reforhandling ifht investeringsnivå/- og gjennomføring
5	Gjennom planprosesser og samarbeid med næring foredle «Smart Fjellbygd» og prosjektinitiativ som stimulerer etablering av «Gründerhubs» og «veksthus».	x		Sette fokus, vere ein medspelar med næringa

3. TENESTEPERSPEKTIVET

Tenesteperspektivet beskriv dei daglege oppgåvene og tenestene som kommunen utfører for innbyggjarar og besøkande. Hemsedal kommune ønskjer at innbyggjarane skal få tenester med god kvalitet når dei treng det. I tillegg arbeider vi for ei forvaltning som er effektiv, brukarorientert og serviceinnstilt.

3.1. Oppvekst

Status og utfordringar:

Oppvekstreforma er framleis under arbeid og implementering. Vi jobbar med ein felles overordna plan for Hallingdal der kvar enkelt kommune skal utarbeide sine lokale retningslinjer og handlingsplan. Kommunen sine fyrstelinjetenester skal levere tenestene. Barnevern, PPT og andre instansar skal vera rettleiarar. Reforma krev tid til samordning mellom kommunen sine tenester og fagkompetanse. Perioden 2024-2025 vil bli nytta til å ferdigstille en lokal plan, vidareutvikle samarbeidet mellom etatane, dele kompetansen for å sikre ein stabil oppvekst til barn med særskilte behov.

Talet på elevar med vedtak om spesialundervisning er framleis høgt, og målet om å redusere vedtak er ikkje oppnådd. Vi må derfor arbeide vidare med dette og sette nye mål for 2024-2025. Vi ønsker å arbeide meir systematisk og forebyggjande med fokus på tilpassa opplæring, bevisstgjerjing og elev/skolemiljø. Dette er i tråd med kompetanseløftet.

PPT skal vera tettare på å vurdere effekten av tiltak. Naturlegvis skal PPT også drive sakkunnig arbeid og utgreie behov. Dette er PPT sitt mandat og er ei endring nedfelt i Oppvekstreforma. Oppvekstreforma skal gjennomsyre organisasjonen. Den krev at oppvekst (barnehage, skule, SFO), helse, barnevern, PPT og BUP må gjennomgå og organisere sine tenester til beste for barnet/ungdommen/heimen.

Rom- og arealmangelen i barnehagen er endå meir krevjande. Vi har bygg som ikkje er bygd for drift av barnehage. Det kjem jamt store barnekull som utfordrar kapasiteten innan barnehage. Vi manglar likevel spesialrom for barn med særskilte utfordringar. Rammene er med på å gjere sårbare barn endå meir sårbare og dette påverkar utviklinga. Barnehagen har ein stor auke i tal på timar med særskilt tilrettelegging. Inneklima og temperatur i enkelte rom fører til brot på arbeidsmiljøloven. Høgt sjukefråvær og mange tilsette i små stillingar er ei utfordring for etaten. Vi manglar stabilitet, og å alltid ha nok pedagogisk utdanna personale for framtida. Skal vi tiltrekke oss ressursar innafor ulike næringar, må vi også ha eit barnehagetilbod som praktiserer innafor lovverk, har høg fagkompetanse og som står sterkt i eit langsiktig perspektiv.

Ungdomsklubben på Hugnadheim er komme i gang att i 2023 og har eit tilbod til ungdomar på onsdagar og fredagar. Det har vore eit godt oppmøte og nå er fleire tilsette slik at dei kvar gong er to vaksne til stade. Skulen har jobba med elevmiljø og mobbing som har gjeve positive resultat. MOT implementerast vinter 2023 og er ment til å være eit varig program som jobbar kontinuerleg med å gjera elevane rusta til å takle negativt press, krav og forventningar. Samstundes som dei

styrkar sjølvbildet og bevisstheit. De skal også jobbe for å bli en dysleksivennleg skole. Innsats med lese- og skriveopplæring på 1.-4 trinn, ønsker vi å sjå resultat frå på nasjonale prøver.

Mål og tiltak er knytt opp mot samfunnsdelen og gjelder for målområde livsløp.

Hovudmål:

- Mobbefritt oppvekstmiljø
- Barnehageplass og SFO til alle som treng det
- Nok areal til å gi gode og fleksible tenester med positiv økonomisk effekt
- Barnehage og skule/SFO som er ein trygg og god plass for utvikling gjennom leik og læring
- Godt tverrfagleg samarbeid på tvers av etatane til beste for barn og ungdom

Barnehagane skal

- Bidra til at kvart enkelt barn skal kunne utvikle seg i høve til sitt potensiale
- Sikre alle barn eit godt psykososialt læringsmiljø
- Sikre at barna blir kjende med lokalhistorie- og tradisjonar, levemåtar og familieformar.

	TILTAK	2024	2025	Resultatindikator
1	Vidareutvikle og evaluere utviklingsarbeidet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», og bruke «Betre tverrfagleg innsats» (BTI) som ein del av oppvekstreforma.	X	X	Foredle/- dele kunnskap på personalmøter.
2	Aktivitetsplikt ved ny lov om mobbing – tilsette som rettleiar og støttar barn.	X	X	Barnesamtaler Observasjonar Samtaler med føresette
3	Språk og leseglede	X		Økt språk- og leseugleik gjennom nokre målbare indikatorar satt av spes. Pedteam og PPT. Besøk av biblioteket
4	Lære om identitet og ulike familieformer	X	X	Flagg, historier, likskap/ulikskap.
5	Leik	X	X	Frileik, organisert leik, læring gjennom leik
6	Kreative oppgåver og utfordringar	X	X	Fri kreativ utfolding, skape noko ut ifrå ei oppgåve. Frå idé til produkt. Saman og aleine. Nytte ulike uttrykk.
6	Fortsette å bygge kompetanse innanfor barneautisme	X	X	Utdanning, kurs, vaksne med spesialkompetanse. Samarbeid med helse

Skulane skal

- Medverke til at alle unge gjennomfører eit 13-årig utdanningsløp
- Bidra til at kvar enkelt elev skal utvikle seg i høve til sitt potensiale
- Arbeide med skolemiljø, både fysisk og sosialt.
- Ha fokus på lese- og skriveopplæring på 1-4.trinn

	TILTAK	2024	2025	Resultatindikator
1	Skolens sørger for at tilsette jobbar kontinuerleg med fag, trivsel, motivasjon og balanse mellom utfordring og meistring. Skolen nyttar hjelp og vegleing frå instansar der det er behov.	X	X	Alle barn og unge i kommunen gjennomfører eit 13-årig utdanningsløp enten ordinært eller med tilpassingar.
2	Utvikle og oppretthalde eit godt læringsmiljø. Opplæring og implementering av MOT	X	X	Rutinebeskriving for læringsmiljø. Resultatforbetring elevundersøking. Nulltoleranse mot mobbing. Økt tryggleik og medvit hjå elevane.
3	Skolen har fokus på lese- og skriveopplæring i 1.-4 trinn med tilsette som har kunnskap og kompetanse.	X	X	Ligge på landsgjennomsnittet på nasjonale prøver.
4	Fremje dialektbruk, språk og lesing.	X	X	Evaluerer «Språk- og leseplan». Dialekt synleg i emneplanar.
5	Vi startar arbeidet med å bli dysleksivenleg skole frå 01.01.24	X	X	Færre oppmeldingar på lese og skrivevanskar
6	Bruke «Betre tverrfagleg innsats» (BTI) som eit verktøy i Oppvekstreforma.	X	X	Modellert og brukt case i utviklingstida
7	Grunnskulen skal bli ein dysleksivenleg skule	X	X	Sertifisert 31/12 -24

3.2. Kultur

På kulturfeltet er vi godt i gang, men vi har vi framleis ein jobb å gjera. Vi skal ferdigstille ein kulturminneplan og ein temaplan som styringsdokument. Vi vil også skape forståing og samarbeid mellom dei ulike aktørane. Vi vil gjerne ha meir kultur innfor både helse og oppvekst. Kultur gjennom livsløpet.

November 2023 startar vi opp med ei felles samling på biblioteket. Kven, kva og korleis skal vi

bidra på ein måte som er i tråd med overordna mål og retningslinjer. Kulturskolen har mange elevar og er eit viktig bidrag i samfunnet. Dei er sårbare med tanke på at det er få menneske med mange oppgåver. Vi vil jobbe for å auke tilbodet i samarbeid med helse og frivilligheita.

Kommunen har mange kulturarbeidarar, institusjonar og organisasjonar som til saman bidrar til et bredt kulturtilbod. Tilboda engasjerer, utfordrar og trekk til seg publikum frå heile Hallingdal.

Kultur har ein sentral samfunnsrolle og representerer det limet som binder oss saman. Gjennom kommunale tilbod supplert med aktivitet i regi av organiserte frivillige og gode amatørar innan alle sjanger, vert utanforskap motvirka og kjensla av å høyre til vert styrka. Å anerkjenne, og sjå betydninga av det frivillige kultur- og samfunnsarbeidet, er viktig. Kommunen skal vere med å hjelpe initiativa fram til måla, enten det er med rådgiving, økonomisk støtte, lokalar eller tilgang til hensiktsmessige arenaer.

Mål og tiltak er knytt opp mot samfunnsdelen og gjelder for målområda livsløp og bulyst.

Hovudmål:

- Eit vel fungerande skule- og folkebibliotek med møteplass og arena for kultur- og kunnskapsformidling der ein også legg til rette for studiar.
- Ein aktiv fritidsklubb i eit mobbefritt miljø der ungdomane får utvikle gode vennskap.
- Eit variert kulturskuletilbod for alle som ynskjer det, med kvalifisert personale.
- Eit mangfaldig kulturliv som speglar samtida og vår historiske identitet.

	TILTAK	2024	2025	Resultatindikator
1	Kulturplan (tema), kulturmiljøplan (kommunedelplan)	X	X	Vedteke i kommunestyre
2	Styrke vaksentettheit på Ungdomsklubben	X	X	Vera minst to vaksne kvar fredag
3	Utvide opningstida på biblioteket	X	X	Meirope
4	Utvikle tilbodet i kulturskolen med eigen rektor.	X		Fleire tilbod enn i 2023. Fleire elevar enn i 2023.
5	Samarbeide med dei ulike aktørane på kulturfeltet til beste for innbyggjarane	X	X	Felles prosjekter
6	Jfr. OU- prosess etablere kultur som eige verksemd under Kommunalsjef, med eigen leiar	X		Tilsetting innan 1/8

3.3. Helse og omsorg

3.3.1. Kort om sektoren

Hemsedal kommune har stor bredde i helse- og omsorgstilbodet til innbyggjarar i alle aldre.

Tilbodet omfattar helsefremjande og førebyggjande tenester, samt helse- og omsorgshjelp til dei

som bur eller oppheld seg i kommunen. Målet er reduserte sosiale helseforskjeller i befolkninga og flest mogleg gode leveår for alle.

Sektoren består av verksemd for institusjon og heimebaserte tenester og verksemd for helse og førebyggjande tenester. Sektoren har og fellestenester som ligg i direkte linje under kommunalsjef, fellesområde består av tildelingskontor, kommuneoverlege og merkantil funksjon.

3.3.2. Hovudmål

Helse og omsorg skal dekke innbyggjarane sine behov for heimetenester, institusjonstenester, akuttmedisinske tenester og ulike støtte,- meistring-, habiliterings og rehabiliteringsfuksjonar. Hemsedal kommune skal tilby fleksible, koordinerte og framtidretta helse- og omsorgstenester med rett kompetanse til rett tid.

“Kva er viktig for deg?” skal vere inngangspørsmålet i all samhandling med tenestemottakar. Og prinsippet om beste effektive omsorgsnivå (BEON- prinsippet) vert lagt til grunn i sakshandsaming og tildeling av tenester til innbyggjarane i Hemsedal kommune.

3.3.3. Strategiar

De siste åra er det lagt frem ei rekke stortingsmeldingar for dagens og framtidias helse- og omsorgstenester på nasjonalt plan. Desse vektlegg særleg brukarmedverknad, førebygging, tidleg innsats og meistring, samt heilskapleg- og koordinerte tenester. Helse- og omsorgstenestene i Hemsedal kommune har som mål å spegle disse. Vi ynskjer å gi tenester av god kvalitet gjennom brukarmedverknad og kompetente medarbeidarar, samtidig som tenestene blir gitt innanfor vedtekne økonomiske rammer.

Sektoren skal prioritere følgjande utviklingsarbeid i perioden

- Utarbeide felles strategi og plan for helse- og omsorgstenesta
- Førebygging og tidleg innsats
- Strategi for digitalisering og innovasjon
- Kompetanse og rekruttering

3.3.4. Status og utfordringar

Dei kommunale helse- og omsorgstenestene har nådd eit vendepunkt. Det er avgjerande med tiltak rundt fordeling av tenester, og at rett helsefagleg kompetanse vert brukt på rett stad til rett tid. Demografiske endringar aukar behovet for betre styring og ressursutnytting i heile sektoren. Ein viktig føresetnad for dette er å organisere dei kommunale helse- og omsorgstenestene slik at dei blir betre koordinerte og gir heilskaplege pasientforløp. Oppretting av eit tildelingskontor er eit av tiltaka for å møte desse endringane.

Rapport frå OU- arbeid i 2023 peikar på at større einingar kan bidra til større fagmiljø, meir robustheit og større moglegheit til å utnytte ressursane samla sett enn det som er tilfelle i dag. Større fagmiljø kan og verke rekrutteringsfremmande og omdømmebyggjande. Gjennomgangen

har avdekket områder der sektoren bør gjøre tiltak både på kort og lang sikt for å få til mer berekraftige tenester med riktig kvalitet. Vurderinga er at det er behov for ein mer heilskapleg strategi, plan og prioriteringar. Dagens pleie og omsorgstenester framstår som noko fragmenterte. Små avdelingar kan vere til hinder for fleksibel ressursutnytting og etablering av robuste fagmiljø. Som ein konsekvens av dette er det gjennomført organisasjonsendringar knytt til struktur i sektoren.

3.5 Personell

Sektoren har utfordringar med å rekruttere fagpersonar i delar av tenestene. Utfordringane er størst i helse og førebyggjande tenester men vi ser og at det gjeld institusjonstenester og i heimetenesta. Mangel på fagkompetanse fører til overtid, forskyving av vakt og bruk av vikarbyrå. Det er viktig å ta vare på personalet som står på og strekkjer seg langt for å yte gode omsorgstenester. Kompetanse heving og leiarutvikling er viktige satsingsområde for sektoren. Hemsedal kommune deltek med sju kandidatar på flexisjukepleieutdanninga i Hallingdal.

3.3.5. Beskriving av verksemda tildelingskontor

Tildelingskontoret sin funksjon og mandat er blant anna å:

- Ha oversyn over forvaltninga av helse- og omsorgstenester i kommunen
- Gi informasjon, råd og rettleiing om tenestetilbodet til innbyggjarar og tilsette
- Rettleie ved behov for utfylling av søknad om helse- og omsorgstenester
- Behandle søknadar
- Kartlegge
- Tildele tenester og fatte vedtak
- Behandle klagesaker

Tildelingskontoret er også koordinerande eining for habilitering og rehabilitering, og har ein sentral rolle i å bidra til koordinerte tenester. Dette gjennomførast ved tilbod om koordinator og individuell plan, men og gjennom at det blir fatta vedtak om fleire tenester. På denne måten sikrar ein heilskap og samanheng i tenestene. Dette fordrar eit godt samarbeid mellom tildelingskontoret, det utøvande tenesteapparatet, tenestemottakar og pårørande.

Tiltaka er koplade mot samfunnsplanen og følgjande mål for livsløp.

Mål 1. Inkluderande, levande og mangfaldig lokalsamfunn utan sosiale skilnader.

Mål 3. Gode rutinar og sunn livstil med tidleg innsast gjennom heile livsløpet

Mål 4. Framtidsretta helse- og omsorgstenester og at eldre bur heime lengre.

	Tiltak	2024	2025	Resultatindikator
1	Førebygging og tidleg innsats. Styrke satsinga på førebygging lågt omsorgstrappa	x		Utvikling av tenestetrappa.
2	Fokus på ressursar til innbyggjar og tenestemottakar	x		Gevinstrealiserings-plan og handlingsplan september 2024
3	Velferdsteknologi og innovasjon	x		Utvikle strategisk plan for velferdsteknologi. Politisk sak juni 2024
4	Kompetanse og rekruttering	x		Kurs i sakshandsaming og forvaltningsrett
5	Oppdatere kvalitetssystem med prosedyrar	x	x	Rapport desember 2024

3.1.3 Beskriving av verksemda institusjon og heimebaserte tenester

Verksemda omfattar bu og miljøteneste, institusjonsteneste og heimebaserte tenester. Tenestene vert tildelt etter kartlegging og tverrfagleg vurdering. Det er eit mål at innbyggjarane skal bu heime så lenge som mogleg, fast plass på institusjon er siste trinn i omsorgstrappa.

Heimetenesta har base ved Bygdaheimen, tenesta skal ikkje overta funksjonar som tenestemottakar sjølv kan utføre, men bidra til å oppretthalde og betre tenestemottakar sitt funksjonsnivå.

Bu og miljøtenesta har ansvar for tenester til menneske med ulike typar nedsett funksjonsevne. Tenesta omfattar personleg assistanse, opplæring i dagleglivet, tilrettelagde bustader. Dagtilbod og fritidstilbod.

Tiltaka er kopla mot samfunnsplanen og følgjande mål for livsløp.

Mål 3. Gode rutinar og sunn livsstil med tidleg innsats gjennom heile livsløpet

Mål 4. Framtidsretta helse- og omsorgstenester og at eldre bur heime lengre.

	Beskriving av tiltak	2024	2025	Resultatindikator
1	Innføre årsturnus og alternative arbeidstidsordningar i turnus	x	x	Redusert sjukefråvær.
2	Få på plass ein heilskapleg kompetanse og rekrutteringsplan for omsorgssektoren	x	x	Rekruttering og stabiliserande tiltak.

3	Utvikle tenesta og innføre innovative og framtidretta arbeidsmåtar.	x	x	Innføre arbeidsmetodikk (Tid). Vidareutvikle ambulerande team, demens, kreft, kvardagsrehabilitering.
4	Utskrivingsklare pasientar	x	x	Redusert tal overlegging utskrivingsklare pasientar

3.1.4 Beskriving av verksemda helse og førebyggjande tenester

Verksemda omfattar Fysio – og ergoterapiteneste, Helsestasjon, Psykisk helse og rus og legeteneste. Sektoren har fokus på tidleg innsats, treffe med rett tiltak og sette i verk ulike former for førebyggjande arbeid som skal bidra til redusert behov for tenester i framtida. Sektoren har ei sentral rolle i det tverrfaglege samarbeidet rundt brukar.

Tiltaka er kopla mot samfunnsplanen og følgjande mål for livsløp.

Mål 1. Inkluderande, levande og mangfaldig lokalsamfunn utan sosiale skilnader

Mål 2. Barn og unge opplev meistring, tryggleik, trivsel og framtidstru

Mål 3. Gode rutinar og sunn livsstil med tidleg innsats gjennom heile livsløpet

	Beskriving av tiltak	2024	2025	Resultatindikator
1	Møte innbyggerane ut i frå eit heilskapleg perspektiv med fokus på tverrfagleg samarbeide.	X		Avklare roller og ansvar i etaten og strukturere opp tverrfagleg samarbeid. I sektor og interkommunale samarbeid. Vedta rutine.
2	Styrka satsing på forebyggjande, grupper, meistring for effektive og langsiktige innsats.	X	X	Med utgangspunkt i folkehelseplanen opprette forebyggjande innsatser, konsekvensevaluering og planlegge.
3	Arbeide for eit tryggt og stabilt arbeidsmiljø, der tilsette blir sett, og får nyttje sin kompetanse.	X	X	Arbeidsmiljøkartlegging ein gang per år, som analyseres saman med tilsette med fokus på at ta fram målretta tiltak.
4	Kompetansestykke tilbud psykisk helse og rus	X	X	
5	E – helse, digitalisering og innovasjon		X	Status og behovskartlegging.

3.4. Mottak og busetjing av flyktningar

Frå 2023 vart arbeide med mottak og busetjing av flyktningar organisert i eit eiga ansvarsområde. Målet med organiseringa er auka fokus på å arbeide heilskapleg for å sikre varig busetting av flyktningar. I budsjett og økonomiplan 2024-2027 er området tilført ein eigen ressurs med ansvar for oppfølging og økonomistyring, for å sikre best mogeleg heilskapleg forvaltning av mottak og busetjing av flyktningar. Fleire må i arbeid og aktivitet for å velje å blir buande i kommunen.

	Beskriving av tiltak	2024	2025	Resultatindikator
1.	Lage ein samla plan for flyktningforvaltning, med mål, strategiar og tiltak – flyktning som ressurs for lokalsamfunn	x		Ferdig Innan 1/6
2.	Del busette flyktningar i fast arbeid eller utdanning	x	x	50%

3.5. Teknisk etat

Teknisk etat omfattar mange ulike fagfelt, som samla har ansvar for samfunns- og arealplanlegging, investering- og drift av kommunal infrastruktur, tilrettelegging for bustad- og næringsutvikling, samt ei rekkje forvaltningsoppgåver knytt til nemnde fagområde.

Hemsedal kommune har gjennomført, men står ovafor store infrastrukturinvesteringar i tida som kjem. Abonentane må belage seg på auka kommunale gebyr spesielt på sjølvkostområdet VA når kapital- og driftskostnadane for ny drikkevasskjelde ved Krikken vassverk, og ny VA-leidning mellom Tuv og Holdebakken vert ferdigstilt i 2024. Samstundes er investeringane i teknisk infrastruktur viktig for måloppnåing og omstilling til det grønne skifte.

Det har vore stor investeringsvilje i privat næringsliv, spesielt innan hyttebygging og reiselivsutvikling. Det er venta noko redusert investeringsnivå i næringa som følgje av lønns- og prisvekst, samt høg rentebelastning. Areal- og samfunnsplanlegging skal prioriterast for å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling. For 2024-2025 er det spesielt rullering av kommuneplanens arealdel, samt Trøym sentrumsplan som har fokus. Begge desse planprosessane er viktig for å sikre nærings og bu- areal sentrumsnært. Prosessane krev stor medverknad og samhandling med anna samfunnsliv.

Kostratal syner samla sett at ein har god ressursutnytting,- samstundes ser ein og at kommunen slit med ta ut økonomiske stordriftsfordelar. 10- dobling av innbyggjartal i deler av året merkast. Mange av etaten sine tenester er i stor grad finansiert etter sjølvkostprinsippet noko som i mindre grad har innverknad på kommunen sine netto driftsutgifter. Medveten bruk av utbyggingsavtaler er viktig, og HIAS- avtale må følgjast opp i samband med rullering av sentrumsplan.

Auke i innbyggjartal, bustader, hytter og næringsbygg, og ikkje minst planer for vidare utvikling, set krav til auka ressursar, men og innovative måtar å drive forvaltning på. Nedskjeringar for å styrke budsjettet vil såleis ramme fagområda veg og eigeidom (utanom sjølvkostområde). Ein ytterlegare reduksjon på desse områda vil redusere tenestene og auke vedlikehaldsetterslepet enda meir. Samferdselsløftet er viktig for å heve standarden, men og ivareta trafikktryggleik. Dette må også følgjast opp med auka drift/vedlikehaldsmidlar i tråd med anbefalingane i hovudplan veg. Det vert ikkje full kompensasjon i høve prisvekst. Ressursane til forvaltning av

kommunal eigedom følgjer langt på veg Holte- tall sine anbefalte rammer til vedlikehald, men ein har ikkje klart å finne rom for alle utviklingsinvesteringar med bakgrunn i kommunen si økonomiske situasjon.

Ressurskrevjande grunnervvervsprosessar er usett i påvente av reguleringsprosessar, spesielt i Trøym sentrum. Etaten har høg kompetanse, men mykje av kompetansen er konkurranseutsett og vanskeleg å halde på. Det er difor viktig å utvikle organisasjonen på ein måte som skapar trivsel og kompetansenettverk i høve behova.

Status og utfordringar:

- Balansere etaten sitt forvaltnings- og tenestetilbod i høve nasjonale og lokale forventningar med eigenkompetanse og ressursar i ei tid med auka innbyggjartal og kundekontakt.
- Rullere planar i takt med politiske mål. Identifisert motsetnad mellom gjeldande areal- og samfunnsdel skapar lite føreseielege handlingsrom for administrasjon og utbyggjarar
- Svært konkurranseutsett kompetansearbeidsplassar. Utfordringar med å rekruttere i vakante nøkkelstillingar for å sikre moment for gjennomføring. Krevjande å halde på, rekruttere og vidareutvikle eit godt fagmiljø innan etaten sine kjerneområde.
- Følgje opp kommunale investeringsplanar frå prosjektering til gjennomføring
- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid innan etaten sine fagområde som ledd i å betre service, halde på og vidareutvikle kompetanse.

Hovudmål:

Omsette overordna mål for samfunnsutvikling til praktisk handling og gjennomføring innfor tilgang på ressursar både administrativt og fysisk.

Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste to-årsperioden prioritere følgande strategiar og tiltak innanfor desse tenesteområda:

3.5.1. Eigedom

- Årleg rullering og oppfølging av «Plan for vedlikehald og investering av eigedomsmasse» - som er ei statusoversikt med tiltak over kommunen sin totale eigedomsmasse til ein estimert anskaffingsverdi på rundt kr. 800 mill.

	Beskriving av tiltak	2024	2025	Resultatindikator
1.	Tilpasse investering og drift i tråd med «plan for vedlikehald, investering og drift». Underlagsdokument til handlings og økonomiplan.	x	x	Redusert energiforbruk, rapport effektivisering
2.	Arbeid med rom- og funksjonsprogram for større helsebygg, gymsal og barnehageutbyggingar	x	x	Halde framdriftsplan og økonomisk ramme
3.	Frå plan til handling – organisering og gjennomføring av tiltak «Bustadplan»	x	x	Eigen prosjektrapportering

3.5.2. Renovasjon, vatn- og avlaup

- Følge opp vedtekne kommunedelplanar for vassforsyning og avlaupsnett i høve mål og tiltak.
- Ta i bruk ny teknologi for å effektivisere drift og vedlikehald av VA.
- Følge opp vedteken avfallsstrategi hjå Hallingdal Renovasjon med kvalitetsheving av renovasjonspunkt.

	Beskriving av tiltak	2024	2025	Resultatindikator
1.	Gjennomføre vedlikehald, drift og investering i kommunale VA-anlegg i samsvar med hovudplan for vatn og avlaup 2018-2030.	x	x	Rapport 31/12
2.	Ny driftskontroll for kommunale VA-anlegg – SD-anlegg med nytt FDV- og rapporteringssystem.	x	x	Rapport 31/12
3.	Ferdigstille nytt vassbehandlingsanlegg på Krikken	x		Rapport 31/12
4.	Ferdigstille nye overføringsleidningar for vatn og avløp mellom Holdebakken og Tuv	x		Rapport 31/12
6	«Færre og større» - renovasjonspunkt – frå plan til gjennomføring – Tuv, Ershovd og plan for Grøndalen	x	x	Sluttrapportar
7	Starte arbeidet med revisjon av hovudplan for vatn og avløp	x	x	Ferdig 2025

3.5.3. Kommunale vegar

- Følge opp vedteken hovudplan for veg 2020-2027 i høve mål og tiltak.

	Beskriving av tiltak	2024	2025	Resultatindikator
1.	Gjennomføre vedlikehald, drift og investering i kommunale vegar i samsvar med hovudplan for veg 2020-2027	x	x	Rapport 31/12
2.	Trafikkavbøtande tiltak – i tråd med Trafikktryggleiksplan	x	x	Belysning, vegkryss
3.	Etablering av gangveg/fortau m kryssingar i tråd med plan langs Kyrkjebøvegen	x		Ferdig vinter 2024
4.	Ferdig plan og prosjekteringsgrunnlag, og avtaler med SVV for framtidig etablering av ny g/s-veg BU6 – Fløgovegen.	x		Ferdig plan for gjennomføring.

3.5.4. Matrikel-, plan og byggjesak

- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid i Hallingdal
- Etablere, og rullere strategi for tilsyn 2024-2025
- Rullerande planstrategi - sikre samheng mellom politisk forventningar og realistiske mål
- Stimulere tverrfagleg samarbeid i planprosess for å sikre ønska og føreseieleg føresegner
- Effektivisere saksbehandling gjennom rutinar og systemgjennomgang på tvers av fag

	Beskriving av tiltak	2024	2025	Resultatindikator
1.	Basert på revidert tilsynsstrategi, auke tall tilsyn (stikkprøver) med fokus på avfallshandtering i byggesak og ulovleg byggearbeid	x	x	Rapport 31/12
2.	Gjennomføre planar i tråd med vedteke planstrategi	x	x	Rapport 31/12
3.	Gjennomføre planendring av BK II (Fiskumvegen) for å greie ut bustadpotensial	x		Ferdig regulert
4.	Rullere arealdelen, samt sikre god medverknad frå «Smart fjellbygd» til omregulering av Trøym sentrum	x	x	Omregulert plan for Trøym innan 31/12

5	Gjennomgang av rutinar og malar for saksbehandling - optimalisere sakshandsamingsprosessar			Effektivisere saksbehandling
---	--	--	--	------------------------------

3.5.5. Landbruk, miljø og næring

- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid i Hallingdal
- Følgje opp tiltak i næringsplan og Energi- og klimaplan

	Beskriving av tiltak	2024	2025	Resultatindikator
1.	Rullering av næringsplan – sikre gode medverknadsprosessar og identifisere ansvar for tiltak	X		Ferdig plan
3.	Auke tilsyn og kontroll i høve til driveplikt på jordbruksareal – oppfølging av prinsippsak	x	x	Årleg 100 dekar auke i aktiv drift plass
4.	Oppretthalde talet på miljøfyrtårnverksemder, og stimulere til minst fire nye «Miljøfyrtårnverksemder» i året	x	x	Tal nye sertifikat
6.	Arbeid med handheving av buplikt – 0-konsesjon – stikkprøvekontroll, med utsjekk av matrikkel og folkeregister	X	X	Matrikkeldata mot folkeregister
7.	Prosesstiltak for å fremje aktivitet i områder avsett til næringsareal	X	X	Intensjon- og grunneigaravtaler
8.	Gjennomgang av rutinar og malar for saksbehandling - optimalisere sakshandsamingsprosessar			Effektivisere saksbehandling
9.	Proses driving «Innovasjonsløft i landbruket», og «Gründerhub»	x	x	Samarbeidsavtaler investor/ gr.eigar

Utvalde måleparametra for etaten.

Målområde	Indikatorer/ målemetode	Siste måling	Mål 2024	Mål 2026
Adressering	% vegadresser	2021	95 %	100 %
Oppmåling Matrikkel	Restanseliste	2021	Ingen restanse	Ingen restanse
Kommunale veger	Hovedplan veg/TS- plan		Viser til mål i plan	Viser til mål i plan
Tilsyn spreidd anlegg	% tilsyn anlegg		Felles mål – KAV	Felles mål KAV
Tilsyn byggesak	Interkom. tilsynsordning	2021 - 5 tilsyn	Mål i tilsynsplan	Mål i tilsynsplan
Arealplanlegging - private planer	Saksbehandlingstid i tråd med forskrift	2021	100% inndekning	100% inndekning
Digitalisere byggesaksarkiv	Digitalisere arkiv med innsynsmodul		Vurdere forprosjekt	Gjennomført
Tiltak VA-anlegg	Hovedplan for vann og avløp		Rullering av plan	Tiltak jfr. plan
Reinseffekt fosfor kommunal anlegg	%- rensing	2021 Trøym RA (97,9) Ulsåk (96)	Trøym RA (98) Ulsåk (99)	Trøym RA (99) Ulsåk (99)
Reinseffekt organisk stoff kommunal anlegg	%- rensing	2021 Trøym RA (97,9) Ulsåk (96)	Trøym RA (98) Ulsåk (99)	Trøym RA (99) Ulsåk (99)
Vassdragsovervåkning	Reinseresultat på ulike parametere	2021	Oppfylle krav	Oppfylle krav
Drikkevasskvalitet	Krav til ulike parameter	2021- oppfylt	Oppfylte krav	Oppfylte krav
Oppfylle avfallskrav	Tiltaksplan		Oppfylle krav	Oppfylle krav
IK-Bygg - LAFT - Vaktmester Reinhold	Implementering og bruk	2020 - i bruk	Fullverdig bruk	Fullverdig bruk
Vedlikehald av kommunale bygg	Hovedplan FDV- dok	2022	70% av Holtenøkkel	90% av Holtenøkkel
Bu- og driveplikt	Kontroll gardskart, krav til langsiktige leigekontraktar, og uttrekk matrikkel/folkeregister	2017 og stikkprøver	100% leige kontrakter og gj.gang av	100% leige kontrakter og gj.gang av

			fritakssøknader. Stikkprøver	fritakssøknader. Stikkprøver
Klima og energi	Reduksjon kommunalt energiforbruk (CO2e) - Reduksjon av totale klimagassutslepp i Hemsedal (CO2e)	193,4 tonn CO2 i 2022	< 180	<175
Miljø og friluftsliv	Handlingsplan FIFA		Oppfølging av FIFA- plan	Følger ny FIFA- plan
Miljø og vassforvaltning	Tiltaksanalyser for Hemsedal i Vassområdet Hallingdal	14 vass-forekomster	Redusert diffus avrenning	Ferdig tiltak Jordheimskanal
Offentlige tilsynsorgan	Ingen avvik/restanse frå dei ulike tilsynsorgana		Ingen restanse	Ingen restanse

3.6. Omstilling, effektivisering og gevinstrealisering

For å sikre ei berekraftig kommuneøkonomi og framleis økonomisk handlefridom i åra som kjem, er det jobba med ein større organisasjonsutviklingsprosess i 2023. Rapport frå OU-arbeid så langt tilrår større einingar og større fagmiljø med meir robustheit og større moglegheit til å utnytte ressursane samla. Større fagmiljø kan og verke rekrutteringsfremmande og omdømmebyggande. Gjennomgangen har avdekkja behov for meir heilskapleg strategi, plan og prioriteringar, og krev strukturelle endringar og eit leiarskap som i større grad sikrar styring. Det er allereie gjennomført endringar spesielt innan helse og omsorg, samt oppvekst og kultur. Innan kommunedirektørs stab vert det og sett på strukturelle endringar som førebels ikkje er konkludert. Både leiarskap og korleis kommunen er organisert vert fokusområdar framover.

Bustadbygging

Arbeid med organisering, ressursavklaringar og naudsynete planavklaringar er forsinka sidan ein har hatt eit stort etterslep innan kommunal infrastruktur og andre store utviklingsprosjekt innan oppvekst og helse. Det er samstundes mange private planinitiativ som vil sikre areal for meir enn 400 einingar fram til 2023. Kva for rolle kommunen ønskjer å ta, herunder realisering av eigen grunn, vert foredla som del av bustadplan som vert lagt fram mot slutten av året 2023. Kommunen har eigen grunn som eignar seg for bustadutvikling, og økonomiplanen legg opp til ei realisering av desse i 2024-2025 - omfang 10-15 bueiningar.

Kommunale bygg

Bustadplan vil syne behov for bustadmasse og for ulike brukargrupper. Plan for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg ligg ved som vedlegg til økonomiplan. Det er viktig at kommunen ikkje vert sittande med gamal bygningsmasse utan effektiv bruk. FDV-dokumentet gjer ei vurdering av eigen bygningsmasse, samstundes vil ny bustadplan gje svar på kva rolle kommunen bør ta for å dekke kommande behov. Mål: Redusere energi- og vedlikehaldskostnadar, samt auke nytteverdi av bygga i kommunen.

Sentralskule – 3-1

Ei samling av kompetanse styrker føresetnadane for betre ressursbruk og redusert sårbarheit. Målet med sentralskula har vore å yte betre skulefaglege tenester per innsett krone innan oppvekst, men samstundes redusere kostnadane. Effekten vert spesielt venta innan eigedomsdrift (meir rasjonelle areal å drifte/ kvm bygg), samt sparte lærarkrefter ved at ein kan organisere lærarstaben betre. Som tilstandsrapportar syner har kommunen fleire tilfelle med born som treng spesiell oppfølging. Ny skule gir større fleksibilitet ved å kunne slå saman klassar, og optimalisere etter krav om pedagogtettheit. Med fleksibel klasseromstilpassing vil ein kunne sette saman bruken av faglærarar og assistent på ein meir effektiv måte. I budsjett og handlingsprogram 2023-2027 vart det tatt høgde for ei innsparing knytt til gruppeinndeling og sambruk av tilsettesressursar på 3,1 mill. i heilårsverknad i 2024 som resultat av samanslåinga.

Oppvekstreforma

Oppvekstreforma legg til grunn at samordning av tenester vil vera ressursparande på sikt. Det er vanskeleg å talfeste administrative og økonomiske konsekvensar av samarbeid. Særleg i oppstarten med å utvikle ein felles samarbeidskultur vil krevje ressursar. I denne fasen kan ein ikkje tilrå innsparing på administrasjonen. Fokuset vert å etablere eit velfungerande system av samordning av tenester mellom helse, oppvekst, PPT og barnevern. Det er eit vanleg anslag på landsbasis at 15-25% av barna vil trenge særlege tilpassingar. Om lag 7% av barn i førskule og

skulealder har symptom som er foreinleg med psykisk liding og 1-3% vil ha intensive individuelle tiltak. Det er eit klart potensiale å styrke samarbeidet rundt barn og unge.

Barnehageutvikling

Etter gjennomført sentralisering av skulen har planen vore å nytte dei gamle oppvekstsentera til reindyrka barnehagar. Drift av barnehagane etter ombygging vil kunne inneha ei innsparing i høve pedagognorm og eigedomsdrift, der ein kan gå bort frå kostbar modulleige.

Jfr. K-sak 6/2023 fatta Kommunestyret eit 13. pkt. vedtak der kommunen skulle sikre areal for ein framtidig sentrumsbarnehage ved rullering av arealplan. Samstundes bad kommunestyret adm. greie ut ei løysning der Tuv og Ulsåk dekker framtidig barnehagebehov, herunder rom- og funksjonsprogram, samt skildre korleis ein kan sikre rasjonell gjenbruk av lokala. Naudsynte strakstiltak skulle gjennomførast i påvente av endeleg valt løysing.

I tråd med K-sak 6/2023 har ein innhenta ekstern konsulentbistand. Hovudutval for Livsløp har fått framlegg til rom- og funksjonsprogram presentert, og det er utarbeida teknisk tilstandsrapport for bygg med tilrådingar. SSBs framskriving indikerer at tall barnehagebarn frem til 2030 vil auke til 184 i Hemsedal. Rapportane til konsulent syner at kommunen ligg inne med store arealoverskot som kan frigjerast ved nybygg og ved anna organisering. Potensiale for drifts- og vedlikehaldsreduksjonar er store. Samstundes vil ein kapasitetsauke krevje omfattande ombygging og teknisk oppgradering.

Rehabiliteringskostnad er oppgitt å vere om lag 60 % av nybyggkostnad. Ei rehabilitering vil i mindre grad frigjere arealoverskot på same måte, eller kunne bidra til gode løysningar som sikrar ei pedagogisk god løysning. Ei rehabilitering vil og vere vanskeleg å kombinere med dagleg barnehagedrift. Trafikkavvikling med eit stigande barnetal kan og vere krevjande å løyse spesielt på Ulsåk.

Før rehabilitering vert bestemt må ein jobbe for å redusere tall m2. Dette kan skje ved at ein stenger av, riv eller på anna måte reduserer barnehagen sitt areal. Det overskytande areal kan eventuelt nyttast av andre verksemder dersom det er eit behov for det. Uansett vil reduksjon av bygningsareal være avgjerande for framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader. Tilstandsvurderingane av eignaheit syner at begge barnehagane har omfattande behov for ombyggingar til meir rasjonell drift og universell utforming. Det er også behov for teknisk rehabilitering i form av utskifting og reparasjon av kledning, vinduer, elektrisk anlegg, ventilasjonsanlegg som vil klassifiserast som hovudombygging med krav til oppfylling av gjeldande teknisk forskrift (krav til energieffektivitet, radonproblematikk, og universell utforming). Erfaringsvis kostar totalrehabilitering av dette omfanget minst like mykje som å bygge nytt. Dette skuldast et ved nybygg kan ein oppnå ein anna arealeffektivitet. Kostnadene per kvadratmeter blir i tillegg omtrent dei same fordi behovet for «skreddarsaum» og tilleggsløysningar i eksisterande bygningsmasse medfører langt fleire arbeidstimar enn oppføring av nybygg.

Det å rive å bygge nytt er i utgangspunktet meir belastande for miljøet, men i eit livsløpsperspektiv kan det være berekraftig. Noko av areala kan eigne seg for rehabilitering, men det er krevjande å tilpasse rom- og funksjonsplan utan nærmare analyse.

Med utgangspunkt i bygga si helsetilstand og lokalisering, samla miljøvurderingar, samt mål om å sikre gode pedagogiske løysningar, potensiale for alternativ arealbruk, samt framtidsetta bustadplanlegging meiner kommunedirektør det bør jobbast vidare med å kvalitetssikre plan- og

prosjekteringsunderlag før endeleg vedtak. Barnehageinvestering og struktur er viktig del av samfunnsplanlegginga.

Til politisk diskusjon og avveging bør ein spesielt vurdere desse momenta;

Val av barnehage	Investeringar	Økonomi/ Drift	Busetnad - Bustadplan	Areal og miljø
Renovering av barnehagane	Omfattande ombygging Like dyrt som å bygge nytt Andre infrastrukturinvesteringar i veg/vatn og p-areal.	Utfordrande å ivareta rasjonelle og pedagogiske løysningar. Avgrensar høve til å realisere anna etterbruk av areal/ bygg Krevjande å kombinere ombygging med barnehagedrift Behov for omregulering av parkerings og kjøyreareal	1/3 av bustadane ligg i Trøym sentrum. Største framtidig potensiale for bustader ligg i aksen Trøym – Tuv. Barnehage som nærmiljøanlegg	Negativ trafikkutvikling, logistikk i høve busetnad Inneklemte, støy/forureining RV/ FV. Frigjeving av landbruksareal
Sentralbarnehage i kombinasjon med mindre avd. Tuv/Ulsåk	Mogeleggjer arealoptimalisering. Grunnkjøp ? Andre infrastrukturinvesteringar – men desse kjem uansett ?	Gode pedagogiske grep/ løysningar for drift Kan realiserast parallelt med barnehagedrift Behov for omregulering	Frigjer areal for framtidig bustad- eller næringsdrift. Potensiale for sambruk av infrastruktur må vurderast	Sentralbarnehage – tett på busetting, reduserer miljø- og trafikk Oppretthalde mindre barnehager på Tuv/Ulsåk - server busetnadstruktur og det beste av eksisterande avd. Frigjer restareal til busetnad/ næringsutvikling Frigjeving av landbruksareal

Dersom ein vel å bygge ny/ rehabiliterer barnehagane der dei ligg i dag vil ein måtte drifte samstundes med ein rivnings- og byggeprosess noko som gir auka kostnader til midlertidige løysingar og med auka belastning på barn, foreldre og tilsette i byggeperioden. Å behalde eksisterande barnehagar på Tuv og Ulsåk med berre tekniske oppgraderingar og rehabilitering løysar ikkje barnehagane sine utfordringar med dårleg organisering, ressursutnytting, samarbeide på tvers av avdelingar, og samstundes oppretthalde svært ressurskrevjande drift.

Det faglege underlaget konsulent har lagt fram grip inn i overordna samfunnsplanlegging.

Helsebygg – investeringar og behov

Administrasjonen har i 2023 jobba med eit rom- og funksjonsprogram for nytt helse- og omsorgsbygg. Ekstern konsulent har bistått i arbeidet. I konkurransegrunnlaget blei det lagt føringar for tomteplassering og fysiske overgangar mellom skule/nytt bygg og sjukeheim/nytt bygg. Same konsulentmiljø har og jobba med å avdekke innsparings- og effektiviseringspotensialet for kommunen samla. Faktagrundlaget om demografiutvikling i saka viser utfordringsbildet, men kommunen manglar mål, strategiar og planer som ligg til grunn for arealbehov sett opp mot faktagrundlaget. Organisasjonsanalysen viser behov for endring i organisering og dermed også mogelege endringar i behov for samlokalisering, flytting eller større/mindre lokalar. Gjennom oppretting av tildelingskontor og etablering av kriteriar for tildeling av tenester, ser ein og at terskelen for å få ulike tenester vert fløtt, og at det kan oppstå nye behov for areal eller redusere andre.

Helsebygg skal bestå av ulike rom og fleire funksjoner. Nokon av romma er spesialiserte, andre av ein meir generell art. Det er viktig at bygg støtter opp om dei valte tenestekonsept, men samtidig er det nødvendig at det vert lagt til rette for at det kan komme endringar i åra som kjem. Tilrettelegging for samhandling og tverrfagleg samarbeid er avgjerande for å kunne optimalisere kommunen si ressursbruk. Følgjande funksjonar er vurdert lagt til eit bygg;

- Omsorgsboliger for demente med tilpassa bemanning
- Familiens hus
- Psykisk helsetjeneste
- Kommuneadministrasjon
- Kafe
- Forsamling- og møtelokale (frivillige, konsert, undervisning mm)

Kommunen har allereie mykje bygningsmasse for helse og omsorgstenester. I tillegg leiger kommunen modul (årleg kr. 250 000) og lokale i bankbygget til fysioterapi (kr. 500.000/ år). Det vert tilrådd å jobbe vidare med ein total gjennomgang av rom- og funksjonsprogram helsetenestene før ein endeleg konkluderer med mål om å identifisere gevinstar og alternativ bruk av lokalar. Det er lagt til grunn eit helsebygg i budsjett 2027-2028 for å syne økonomiske verknadar.

Gjennomgang av eksisterande bygningsmasse syner behov knytt til oppgradering på kort og lang sikt. I påvente av realisering av nytt helsebygg er det naudsynt med utbetringstiltak i enkelte avdelingar. Ved Familiens hus er det behov for tiltak knytt til lydsmitte. Fysio/ergo leiger i dag lokale i banken og har behov for nye lokaler med treningssal, apparat og gruppetreningssal, venterom og eit behandlingsrom til kvar einskild fysioterapeut. Helsehuset har i dag fleire kontor i kjellaren på kommunehuset, dette er ikkje ein optimal bygningsmasse verken knytt til areal eller lydisolering.

Sektoren vil i åra som kjem oppleve større pågang av brukarar. Tal eldre med omsorgsbehov aukar og det er ei aukande trend av behov for psykisk helsehjelp i alle aldersgrupper. Samlokalisering av tenestene innan helse og omsorg kan være optimaliserende. Det er likevel behov for å utarbeide ein tydeleg plan og mål for organisering og tenester. Generalistkompetanse vil gi støtte til meir samlokalisering, mens behovet for spesialistkompetanse gjer at ein ikkje nødvendigvis vil få ønska effekt ut av å samle alle funksjonar. Videre er det viktig å sikre forståelse for tenestetrappa og ansvar i den forbindelse. Tenester i omsorgsbolig er ikkje nødvendigvis 24/7-tjeneste, men gitt individuelt på linje med andre heimebuande. På ei anna side så er sosialt fellesskap rundt aktivitet og mat, viktige moglegheiter i eit evt. nytt bygg som og kan utnyttast i anna samlokalisering.

Velferdsteknologiprojekt

Velferdsteknologi nyttast til innbyggjarar i alle alder, tilpassa brukarane sine behov. Med samhandlingsreforma, og kommande eldrebølge får kommunen meir ansvar for å levere tenester til fleire brukarar med samansette behov. Målet med velferdsteknologi er å skape ein tryggare og enklare kvardag for både brukarar, pårørande og omsorgspersonell. Innføring av velferdsteknologi sett krav til organisasjonsutviklingsprosessar og kompetanseløft i heile organisasjonen. Kommunane i Hallingdal har sett verdien av å stå saman om å implementere velferdsteknologi sidan behova er felles. Mange av løysingane er avhengig av IKT-løysningar, og felles IKT-

infrastruktur i Hallingdal gir synergjar. I Hallingdal har ein spesielt hatt fokus på desse 6 tiltaksområda.

1. Varslings- og lokaliseringsteknologi
2. Elektronisk medisineringsstøtte
3. Elektroniske dørlåser
4. Digitalt tilsyn
5. Oppgraderte sykesignalanlegg/ pasientvarslingssystem
6. Logistikklysning for meir optimale køyreruter og betre kvalitet på tenesta

Erfaringane syner klart at dette ikkje er eit klassisk teknologiprojekt, men ei organisasjonsutvikling med prosessendringar, kommunikasjon og tenestedesign og gevinstplanlegging som sentrale element. Prosjektet handlar med andre ord ikkje berre om å rulle ut teknologiske løysningar, men òg sikre forankring, lokalt eigarskap, kommunikasjon, brukarmedverknad, og kompetanseheving for å ta ut maksimal gevinst. Ei vellukka «innføring» vil spare lønnskostnader, og det er venta at gevinstane vert meir synleggjort i slutten av økonomiplanperioden. Gevinstane gjeld sparte kostnader, betre kvalitet og sparte tidsressursar.

Resultat av ei vellukka innføring av planlagt velferdsteknologi i Hemsedal vil etter dagens behov innan sjukeheim, heimetenesta, og ressurskrevjande brukarar på sikt utgjere reduksjon i tall årsverk og i årlege kostnader. Sidan auken i behova er stigande vert den økonomiske gevinsten vanskeleg å syne i framlegg til budsjett. Nøkkelpersonar innan fag- og leiarskap må få frigjort tid til gjennomføring av velferdsteknologi i Hemsedal. Eit viktig suksesskriteria er å sikre ressursar til gode innføringsprosessar slik at ikkje gevinstrealisering av arbeidet vert hindra. Etterfølgjande samanstilling/ modell er eit forsøk på å syne korleis oppgåvene i prosjektarbeidet går.

4. GJENNOMGRIPANDE FOKUSOMRÅDER

Overordna heilskapleg system for verksemdsstyring og internkontroll har stått på ønskelista til kommunen i mange år. Dette vil være system som innehar modular som analyse, planleggingsverktøy, mål og resultatstyring, budsjettering, rapportering og internkontroll. Med utgangspunkt i skybaserte løysingar, integrert i kommunen si nettsideløysing og andre styringssystem, er målet å auke kvalitet og effektivisere verksemdsstyringa i kommunen. Arbeidet er påbegynt, og vil halde frem med implementering av ny modular i 2024.

Tenesteinnovasjon er viktig og vil skape betre tenester for de tilsette og innbyggjarane i Hemsedal kommune. Utgangspunktet er brukaranes faktiske behov og lager tenester saman med brukarane, og ikkje berre for dei. Ei slik tilnærming vil gi nøgde innbyggjarar, trivsel i arbeidskvardagen for dei tilsette og gevinstar for kommunen som tenesteleverandør. Det er foreslått å rekruttere nye ressursar som skal jobbe dedikert med dette området. Det vert aktivt søkt om å bruke KS sitt vegkart for tenesteutvikling som verktøy.

Ein overordna beredskapsplan er eit av dei viktigaste virkemidlane i kommunen si oppfølging av kommunal beredskapsplikt. Ein slik plan skal hjelpe kommunen å leie kommunen si

krisehandtering om det inntreffer uønskt hendingar. Økonomiplanen har innarbeida ei ny stilling til å følgje opp beredskapsarbeid.

Informasjonssikkerheit er ein føresetnad for god utvikling av tenester til innbyggjarane i Hemsedal. Informasjon vert gjerne handsama i eit samspel mellom menneske, prosessar og teknologi. Arbeidet med informasjonssikkerheit handla om å sikre informasjonsbehandling som inngår i oppgåver og tenester. Det handlar om å sikre informasjonssystema som vert nytta – inkludert digitale tenester, IKT-system og komponentar som inngår i IKT-system. Det handlar om å legge til rette arbeidsoppgåver (prosessar) slik at det er enkelt for menneske å utføre oppgåvene sine med god sikkerheit. Det handlar om å sikre tilstrekkeleg kompetanse hos de som utfører oppgåver for verksemda og å jobbe for ein kultur som understøtter arbeidet med informasjonssikkerheit. IKT Hallingdal jobbar kontinuerleg med å auke sikkerheita til alle system og verktøy som dei tilsette i kommunen nytter i det daglege. Det vert jobba målretta med å auke bevisstheita rundt tematikken blant alle tilsette.

Folkehelsearbeid er samfunnets totale innsats for å oppretthalde, betre og fremme folkehelsa. I dette ligg nødvendigeita av å styrke verdiar som gir det enkelte individ og grupper moglegheiter for ansvar, delaktighet, solidaritet, meistring og kontroll over eiga liv og situasjon. Status for folkehelse vert eit viktig grunnlag for kommunen si planstrategi som skal vedtakast av nytt kommunestyre. Medlemskap i «Sunne kommuner» bidreg til kompetanse- og nettverk.

5. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

Prioriterte områder

Medarbeidarperspektivet er grunnleggjande for å oppnå prioriterte tiltak i handlingsprogrammet. Hemsedal kommune skal fremje inkludering, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle. Revisjon av arbeidsgivarstrategien som er planlagt ferdigstilt i 2024 skal definere ein arbeidsgjevarpolitikk som gir kommunen sine politikarar, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde/verneteneste ein felles målsetting og retning for systematisk å møte kommunen sine utfordringar.

Som arbeidsgivar står Hemsedal kommune overfor følgjande hovudutfordringar i år som kjem:

- Vår evne til å rekruttere, utvikle og halde på medarbeidarane
- Vår evne til å jobbe systematisk for ein felles identitet og kultur, og med å ivareta tilliten til kommunen
- Vår evne til å digitalisere og drive tenesteutvikling

Kommunedirektøren har ansvaret for å legge til rette for at arbeidsgivarpolitikken vert implementert i heile organisasjonen. Det vert lagt opp til ein årleg politisk rapportering frå administrasjonen med relevante måleindikatorar og nøkkeltal om utviklinga innanfor arbeidsgivarpolitikken sine områder. Systematisk rapportering innanfor fagområdet vil bidra til auka fokus på eit strategisk nivå og aukar moglegheitene for at kommunen skal lykkes i sitt arbeid.


Arbeidsmiljø og nærversarbeid

Hemsedal kommune skal legge til rette for at medarbeidarar og leiarar skal kunne utføre jobben sin og trivast. Medarbeidarar og leiarar har eit felles ansvar for eit godt arbeidsmiljø og arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS).

Kommune har ein foreløpig ambisjon om eit sjukefråvær på 8 % eller lågare. Sjukefråværet har vore, og er for høgt. Økonomiplanen legg til grunn eit meir målretta innsats i 2024-2025. Det skal lagast ei plan

for auka nærvær, med eigen prosjektleiar. Planen skal forankrast i leiargruppa, og tiltak skal innarbeidast i årshjul.

Utvikling i sykefravær 2020 - 2023



Heiltidskultur

Omfanget av deltidsstillingar er ei utfordring for heile Noreg, og arbeidet med å etablere ein heiltidskultur er eit satsingsområde både nasjonalt og lokalt i Hemsedal. I det sentrale oppgjeret har partane i arbeidslivet inngått ein forpliktande avtale om å arbeide med heiltidskultur. Dette forsterkar ytterlegare insitament for lokalt å arbeide med temaet.

Måleindikatorar og nøkkeltal som mellom anna «Gjennomsnittleg stillingsstorleik» synleggjer i kva grad Hemsedal kommune går i retning av å få etablert ein heiltidskultur. Måleindikatorar og nøkkeltal vil bli rapportert på i årlege rapportering på HR-området.

Kompetanseutvikling

Hemsedal kommune har ein høg del tilsette som har fagutdanning eller høgare utdanning. Det må framleis satsast på å rekruttere, utvikle og halde på relevant og kompetent arbeidskraft. Kommunen si tilrettelegging for lærlingar fortset i 2024, og mål om 2 lærling per 1 000 innbyggjarar sjåast på som realistisk å nå. Parallelt med kommune si satsing på formell kompetanseutvikling, må kommunen ha evne til å omstille og fornye seg i tråd med forventningane om effektive og kvalitative gode tenester. Organisasjon- og leiingsprogram for leiarar i kommunen skal ha fokus på kulturbygging, identitet og å skape ei felles retning for kommunen. Det har blitt innført mange nye digitale løysningar og programmar, og i åra som kjem skal det satsast på administrativ leiaropplæring i kommunen sine fagsystem, nye prosesser og rutinar. Innovasjon og digitalisering i tenesteutvikling og oppgåveløysing påverkar arbeidsgivarrolla og forventningane til medarbeidarane. For å møte framtidens utfordringar må organisasjonens innovasjonsevne styrkes.

Endring og omstilling

Stabilitet og føreseielege vilkår i den økonomiske politikken gir grunnlag for god kvalitet i tenestene, nøgde brukarar, innbyggjarar og tilsette. Det vil vere nødvendig med effektivisering og omstilling for å kunne oppretthalde den økonomiske berekrafta i perioden framover. Resultat av OU- prosesser 2023 skal forankrast og tiltak implementerast i organisasjonen. Det vil også legge føringar for budsjettperioden. Alle leiarar skal ha funksjonsbeskrivelser og leiaravtaler som

tydeleggjer ansvar, krav til resultat og måloppnåing og ei under vegs evaluering. Oppfølging av leiaravtalene er viktig for å sikre overorda mål.

Sosiale møtepunkt

Det planleggast for to sosiale arrangementet i året, som eit tilbod til alle tilsette. Ein sommarfest og eit julebord, der vi samlast til felles hygge og gode samtaler er viktig. Det viktigast er likevel dei små tiltaka i kvardagen. Det vil bidra til å byggje opp under og bidreg til eit felles arbeidsmiljø.

	Beskriving av tiltak	2024	2025	Resultatindikator
1.	Implementering av revidert Arbeidsgivarstrategi	x		Årsrapport
2.	Implementering av e-signering, sikker pålogging - personal	x		Årsrapport
3.	Gjennomgang av kommunen si arbeidsgivarstrategi i samband med folkevaldopplæringa for å få ei god forståing av kvarandre sine roller.	x	x	Gjennomføring etter val 2023 Årsrapport
4.	Eiga «årshjul» som styrer den formelle samhandlinga mellom politikk og administrasjon.	x	x	Publisering heimeside
5.	Gjennomføring av KS - 10 faktor medarbeidarundersøking.	x	x	Årsrapport
6.	Overordna mål om at sjukefråvær ikkje skal overstige 8 %.	x	x	Tertial og Årsrapport
7.	Utarbeiding av rekrutteringsstrategi for heile kommunen	x		Årsrapport
8.	Implementere nytt kvalitetssystem, Compilo, med rutinar m.m.	x	x	Løpende arbeid
9.	Gjennomføring av nærværsprosjekt, med eigen prosjektleiar	x	x	Prosjektplan

6. BUDSJETT- OG ØKONOMIPLAN

Det følger av grunnleggjande krav i kommunelova at budsjett og økonomiplan skal setjast opp i balanse. Ubundne fond (disposisjonsfondet i driftsrekneskapen og investeringsfondet i investeringsrekneskapen) kan nyttast dersom bevillingar er høgare enn dei frie inntektene.

I samsvar med handlingsregel knyta til eigenfinansiering av investeringar, skal disposisjonsfondet vere redusert til måltal og investeringsfondet vere nytta i sin heilheit etter årets disposisjonar. Det vil som hovudregel difor ikkje vere ubundne fond tilgjengeleg, og bevillingar bør ikkje vere høgare enn dei frie inntektene i økonomiplanperioden.

6.1. Føresetnader budsjett

Finansielle måltal og handlingsregel

Hemsedal kommune har etablert finansielle måltal for netto driftsresultat, disposisjonsfond og gjeldsgrad.

Dei finansielle måltala må sjåast i samanheng over tid, og er difor ikkje kvar for seg å anse som absolutte mål innanfor kvart enkelt budsjettår.

- Netto driftsresultat: 1,75 % av driftsinntektene over tid
- Disposisjonsfond: 8 % av driftsinntektene + 8 % av netto rentebærande gjeld i samsvar med nytt finansreglement vedteke i k-sak 154/2023.
- Gjeldsgrad: 75 %

Hemsedal kommunen har ei langsiktig målsetting om at gjeldsgraden ikkje skal overstige 75 % over tid for å unngå at for store lånekostnadar overlatast til kommande generasjonar og svekker tenestetilbodet.

For å redusere låneopptaket så langt det lar seg gjere, vart handlingsregel vedteke i k-sak 60/2022 med følgjande hovudpunkt:

- Avsetjingar til investeringsfond ved sal av anleggsmidlar skal gå uavkorta til bruk i investeringsrekneskapen for reduksjon av låneopptak same år.
- Når disposisjonsfondet etter årleg bruk og avsetjingar er høgare enn måltalet på 8 % av driftsinntektene, skal det overskytande gå til reduksjon av neste års låneopptak dersom ikkje det er spesielle forhold som tilseier at det er behov for å auke disposisjonsfondet.
- Så lenge gjeldsgrad er høgare enn måltalet på 75 % skal nye investeringar finansierast over drift med minimum 50 % av årlege inntekter frå eigedomsskatt.

Bruk av fond

Pr 1.1.2023 hadde Hemsedal kommune eit disposisjonsfond på 108,8 mill. I samsvar med handlingsregel for eigenfinansiering av investeringar skal fondet reduserast til måltalet ved årets slutt i 2023. I samsvar med nytt finansreglement skal disposisjonsfondet av omsyn til auka renterisiko og kommunen sin likviditet (all den tid delar av disposisjonsfondet følgjer av premieavvik) er måltalet berekna til ca. 50 mill.

I framlegg til økonomiplan er det ikkje avsett nye midlar til disposisjonsfondet. Det er budsjettert bruk av disposisjonsfondet med 5,2 mill. i 2024, 0,7 mill. i 2025, 1,6 mill. i 2026 og 1,8 mill. i 2027.


Det var inga midlar på ubundne investeringsfond pr. 1.1.2023. I samsvar med handlingsregel vil avsetjingar til investeringsfond ved sal av anleggsmidlar gå uavkorta til bruk same år for å redusere låneopptak.

Budsjettert sal av eigedom på til saman 0,9 mill. ligg til grunn for budsjettert bruk av ubunde investeringsfond i 2024.

Folketalsutvikling

Framlegg til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 bygger på føresetnad om framleis vekst i befolkninga i Hemsedal.

SSB si befolkningsframskriving frå juli 2022, medium vekst, har vært nytta som utgangspunkt for prognose for folketalutviklinga. Når SSB la fram befolkningsframskrivinga hadde dei innarbeida ei ekstraordinær høg vekst i 2022 og 2023 som følgje av flyktingstraum frå Ukraina. Med lågare tal for busetting av flyktingar kan ikkje Hemsedal kommune vente å sjå den same veksten lokalt, som dei nasjonale tala skulle tilseie. Kommunen har framleis bustad- og tomtmangel i dei lågare prissjiktka. Meir av veksten er difor venta å gå til kommunar med lågare bustadprisar. Kommunen si prognose er difor redusert noko dei fyrst to åra.



Pr. 1.1.2023 var det 2645 personar folkeregistrert i Hemsedal kommune. Befolkningsutviklinga i budsjett og økonomiplan 2024-2027 legg til grunn ei vekst på 73 personar (+2,8 %) i 2023, 47 personar (+1,7 %) i 2024, 39 personar (+1,4 %) i 2025, 33 personar (+1,2 %) i 2026 og 25 personar (+0,9 %) i 2027. Det betyr at Hemsedal vil ha 2862 personar folkeregistrert i kommunen pr. 1.1.2028.

Folketalet for Hemsedal kommune er pr. 3. kvartal 2023 på 2633 personar. Det e ei nedgang på 12 personar så langt i år. Busetting av flyktingar er venta å bidra til noko auke i folketalet i siste kvartal.

Aktivitetsnivå og tenestetilbod

Framlegg til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 bygger forøvrig på føresetnaden av at den kommunale aktiviteten i Hemsedal kommune frå 2023 skal fortsette med dei prioriteringane som vart gjort i samband med førre økonomiplan og vedteke endringar gjennom året.

Eventuelle endringar i aktivitetsnivå og tenestetilbod vil følgje av analysearbeidet som avsluttast i 4. kvartal 2023.

Frie inntekter

Framlegg til budsjett og økonomiplan 2024-2027 for frie inntekter frå rammetilskot og skatt er berekna frå KS sin prognosemodell. Rammetilskotet er redusert med 1 mill. kvart år i økonomiplanperioden grunna bortfall av to grunnskoletillegg.

Anslag skatteinntekter legg til grunn ei prognose for 2023 på 128,4 mill. og ein nominell skattevekst på 5,9 % i 2024, 2,7 % i 2025, 2,3 % i 2026 og 1,1 % i 2027. Utviklinga følgjer prognose for folketalsutviklinga, med moderate justeringar grunna uvisse knytt til faktisk busetting og utvikling av arbeidsløyse.

Eigedomsskatt

Av eigedomsskattelova § 10 følgjer at kommunestyret under budsjettbehandlinga skal treffe vedtak om kva satsar og reglar som skal nyttast for det komande skatteåret.

Inntekt frå eigedomsskatt er ein del av kommunen sine frie inntekter, og skal nyttast til å finansiere tenestetilbodet på lik linje med andre frie inntekter.

Som følge av store investeringsbehov står Hemsedal kommune ovanfor ei betydeleg auke i låneopptak, med påfølgjande auke i rente- og avdragskostnadar. For å sikre økonomisk berekraft, tilstrekkelege midlar til tenesteleveransar og upårekna hendingar, og framleis økonomisk handlingsrom, må låneopptak reduserast så langt det lar seg gjere.

Reduksjon av framtidige låneopptak skal mellom anna gjerast ved hjelp av eigenfinansiering av investeringar gjennom overføring frå drift. Etter handlingsregel vedteke i 2022 skal eigenfinansiering av investeringar gjennom overføring frå drift tilsvare 50 % av inntekter frå eigedomsskatt. I budsjett 2024 legg vi til grunn overføring på 20 mill. frå drift til investering.


Med maksimal skattesats på 7 promille for næring og 4 promille for bustad og fritidsbustad, har Hemsedal kommune et årleg inntekspotensiale på 58 mill.

For å dempe den økonomiske belastninga for hushaldingar med strammare økonomi i ei tid med høge renter og høge straumprisar, i tillegg til utsiktar til ytterlegare auke i andre kommunale gebyr i åra som kjem, innførte Hemsedal kommune i 2023 eit botnfrådrag for eigedomsskatt med kr 1 million pr. bueining for alle bustader og fritidsbustader.

Eit botnfrådrag av slik storleik gjev ei fordelingsverknad med bustadsosial profil og moglege positive miljømessige gevinstar på lengre sikt. Samstundes aukar fleksibiliteten i skattlegginga og kommunen nyttar betre sitt inntekspotensiale.

I samsvar med økonomiplan 2023-2026, vart eigedomsskattesatsen på bustader og fritidsbustader i framlegg til budsjett og økonomiplan 2024-2027 auka til 4 promille. Botnfrådraget er vidareført med 1 million kroner pr. bueining og skattesatsen for eigedomsskatt for næring er uendra på 7 promille. Kommunestyret vedtok å halde skattesatsen for bustader og fritidsbustader uendra på 3 promille. Samla inntekt frå eigedomsskatt er med det berekna til 33,5 mill. for 2024. Det utgjer 57,8 % av inntekspotensialet på 58 mill. frå eigedomsskatt.

Utvikling i inntekter frå eigedomsskatt med ulike skattesatsar og botnfrådrag



For skatteåret 2024 er snitt takst pr. bustad berekna til kr 2.967.920,- Det er ei auke på 56.920,- pr. bustad mot året før. Snitt takst pr. fritidsbustad er berekna til kr 3.550.902,- Det er ei aule på 16.902,- pr. fritidsbustad mot året før. Auke i snitt takst følgjer av at nye bustader og fritidsbustader byggjast med større areal og høgare standard, og mange ligg sentrumsnær med høgare faktor frå eigedomsskattesonen. Kommunestyret vedtar årleg fritak etter eiendomsskatteloven §7.

For skatteåret 2024 fritek kommunestyret eigedom til stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten, jfr. Esktl. § 7, bokstav a.

For skatteåret 2024 er følgjande eigedomar fritekte etter eigedomsskatteloven §7 bokstav a.

- Grøndalen grendahus, Grøndalsvegen 664, g/bnr. 86-51
- Lio grendahus, Hemsedalsvegen 3870, g/bnr. 69/60
- Lykkja skole (samfunnshus), g/bnr. 53/73
- Fredheim (bedehuset), Lykkjavegen 26, g/bnr. 62/55
- Gamle Løken skule (samfunnshus), Lykkjavegen 149, g/bnr. 56/41
- Gravsetstugu, Lykkjavegen 536, g/bnr. 56/1/16
- Kljåen turisthytte, Mørkvamvegen 926, g/bnr. 80/37
- Skytebanen, Torsetvegen 297, g/bnr. 61/6
- Aalrust skole (samfunnshus), Øvre Hemsedalsvegen 1331, g/bnr. 52/39

Sal av kraft

Hemsedal Energi Marked forvaltar kommunen sine kraftrettar. Rettane tilsvarande \approx 34,9 GWh konsesjonskraft og \approx 17,5 GWh andelskraft.

I budsjettarbeidet legg kommunen til grunn prognoser utarbeida av Hemsedal Energi. Pr. oktober er prognose for inntekt frå sal av kraft på 33,45 mill. for 2024. Det er 25 mill. lågare enn prognose for 2023.


For åra 2025-2027 legg kommunen til grunn ei ytterlegare nedgang, med inntekt frå sal av kraft på 22 mill. i 2025, 19 mill. i 2026 og 17 mill. i 2027.

Andre inntekts- og kostnadsføresetnader

Det ligg inga generelle KPI-regulering til grunn for anna inntektsauke eller prisvekst. Det blir gjort eigne vurderingar på kvart enkelt område opp mot KPI, retningslinjer, aktivitet og befolkningsutvikling.

Når det gjeld auke i inntekter frå eigedomsskatt og gebyr (VAR) er det lagt til grunn ei prognose for nye bustader og fritidseiningar basert på konkrete utbyggingsplanar. I planperioden er talet justert ned frå ca. 714 til 585 nye einingar. Høgare rente påverkar salet av nye prosjekt, og byggeaktiviteten går difor ned.

Årleg prognose for nye bustader og fritidseiningar er illustrert i grafen under.



Løn og pensjonsutgifter

Lønsbudsjettet er berekna ut i frå vedteke heimlar. I tillegg kjem prosjektstillingar som er finansiert med bruk av bundne fond eller andre budsjetterte tilskot der desse er kjende.

	Hjemler år 2021 før tiltak	Tiltak 2021	Tiltak 2022	Tiltak 2022	B2023	B2024	Endring siste år	Sum endring sia 2021
Administrasjon	21,66	1,40	0,05	0,00	23,11	24,71	1,60	3,05
Oppvekst	89,01	10,60	7,90	-0,35	107,16	104,77	-2,39	15,76
Helse og omsorg	80,52	8,17	3,00	5,90	97,59	97,82	0,23	17,30
Teknisk	35,32	2,20	0,03	-0,03	37,52	36,93	-0,59	1,61
Sum	226,51	22,37	10,98	5,52	265,38	264,23	-1,15	37,72

Andre stillingar som ikkje er heimla er ikkje budsjettert og vil følgjeleg føre til meirforbruk dersom slik løn blir betalt ut.

Vikarløn og fødsels- og sjukepengerefusjonar er berre berekna inn i budsjettet der desse er kjende. Det same gjeld vikarutgifter i samband med utdanning, og tilskot knytt til desse.

Berekna lønsjusteringar i økonomiplanperioden er lagt inn i verksemdene sine rammar. SSB si prognose for årslønsvekst er lagt til grunn, med 5,1 % i 2024 (effekt 3,4 % frå mai) og 3,8 % i 2025, 2026 og 2027.

Pensjonskostnadane er basert på budsjett frå KLP og SPK pr. september 2023.

KLP 15,2 % (mot 14,54 % i 2023)
SPK (lærarar) 9,84 % (mot 9,76 % i 2023)

Budsjett for årets premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik er i samsvar med KOSTRA ført på eiga tenester på området fri inntekter og finans. For 2024 utgjer det ei inntektsføring på 2,0 mill.

Kostnader til kjøp av varer og tenester

Det er korrigert for prisvekst der faktiske prisjusteringar er avtalt og kjende. I tillegg er det korrigert noko på områdar der prisveksten har vore ekstraordinær høg.

Refusjon ressurskrevjande tenester

Innslagspunktet for refusjon av kostnader til særlege ressurskrevjande tenester er i statsbudsjettet auka til 1,608 mill. kroner. Kompensasjonsgraden er uendra på 80 %.

Tilleggskompensasjon til små kommunar med høge utgifter til ressurskrevjande tenester er vidareført, men denne kjem ikkje til nytte i budsjett 2024 for Hemsedal kommune grunna høge skatteinntekter.

Renter og avdrag

Rentekostnad på lån er rekna ut frå budsjettrente frå KBN, basert anslag frå Noregs bank pengepolitisk rapport 3/24, med følgjande rentesatsar:

5,35 % i 2024

4,95 % i 2025

4,35 % i 2026

4,28 % i 2027

Med føresetnad om at opptak av lån skjer mot slutten av året.

Avdrag er rekna ut frå 30 års avdragstid på kommunale innlån.

Startlån og tilskot til etablering eller tilpassing

Husbanken gir startlån til kommunar for vidare utlån til personar som har langvarige utfordringar med å få lån i vanlig bank til å kjøpe eller tilpasse eigen bustad. Startlån kan òg gis til refinansiering dersom bustadeigar står i fare for å miste bustaden. For særlege vanskelegstilte på bustadmarknaden, kan kommunen i tillegg til å gje startlån, gje tilskot til etablering eller tilpassing.

Hemsedal kommune følgjer Husbanken sine retningslinjer for tildeling av startlån. Det gis berre lån til personar som er registrert busett i kommunen.

Hemsedal kommune har unytta lånemidlar og legg til grunn re-utlån av startlån (midlar som kommunen mottar i ekstraordinære avdrag eller innfriing i løpet av året). Administrasjonen ser difor ikkje at det er behov for opptak av nye lånemidlar i 2024.

Busetting av flyktningar:

Budsjett og økonomiplan 2024-2027 legg til grunn at det blir busett 20 flyktningar i 2023 og 2024, med integreringstilskot på 14,9 mill. i budsjett 2024. I økonomiplanperioden er det budsjettet med 12 mill. i årleg inntekt.

I samband med busettinga forpliktar kommunen seg til å tilby introduksjonsprogram til dei vaksne, med norsk og samfunnsfagopplæring, språkopplæring skule- og barnehagetilbod til dei yngre, og helsetilbod til alle. Hemsedal kommune har i økonomiplanen auka ressursbruken med eiga tilsett på flyktningområdet, med mål om å auke varig busetting av flyktningar.

6.2. Interkommunale samarbeidsavtalar (IKS)

Det er budsjettert med 54,1 mill. i kostnader til interkommunale samarbeid i 2024. Det er 4,7 mill. meir enn året før og gir ein vekst i kostnadar på 9,5 %, trass i reduksjon i barneverntiltak utanfor familien på 3,5 mill. Korrigert for reduksjonen i barneverntiltak er kostnadsveksten på 8,2 mill. (16,6 %).

Høg lønsvekst er ei kostnadsdrivar, samstundes som auke i folketal betyr at Hemsedal tar ei høgare del av dei totale kostnadene sidan folketal er ei hovudfordelingsnøkkel for mange av dei interkommunale samarbeida.

Små kommunar er avhengig av samarbeid med andre kommunar for å løyse mange av dei lovpålagte oppgåvene som følgje av ressursar og kompetansebehov. Fellesprosjekt i Hallingdal er viktig for å kunne gi forsvarlege tenester til ei lågare kostnad. Ei utfordringa når det gjeld interkommunalt samarbeid er at prioriteringar og budsjettering ofte er lausreve frå kommunen si eigne prosessar. Interkommunale tiltak rår administrasjonen ikkje over med mindre kommunedirektøren sit i leiande organ. Det har synt seg å vere utfordrande i arbeidet med å effektivisere interkommunal drift. Ynskja tiltak vart ikkje prioritert, og kommunen må sjølve finansiere eige tiltak for å oppnå effektivisering knytt til IKS'ar. Til dømes kjøp av nye modular til Visma Enterprise HRM for å automatisere arbeidsprosessar.

Sosialutbetalingar og barnevern er basert på budsjettert ut frå det ein veit i dag. Eit barn ekstra som ev. vert teke over av barnevernet vil bety store konsekvensar for både kostnadene til barnevern, men og for skulane.

Område	B2023	B2024	Endring kr	Endring %
IKT Hallingdal - tiltak og drift	6 860 252	7 492 252	632 000	9,2 %
Regionrådet Hallingdal	499 893	524 315	24 422	4,9 %
SLT	69 823	73 314	3 491	5,0 %
<u>Hallingdal barnevernsteneste:</u>		0		
Hallingdal barnevernsteneste – adm.	2 617 000	2 747 000	130 000	5,0 %
Psykolog/advokat (egendekning)	300 000	300 000	0	0,0 %
Lønn tiltakskonsulent 50 % på 2511	275 500	386 000	110 500	40,1 %
Barneverntiltak i familien	250 000	250 000	0	0,0 %
Lønn tiltakskonsulent 50 % på 2521	275 500	117 000	-158 500	-57,5 %
Barneverntiltak utenfor familien	6 300 000	2 805 000	-3 495 000	-55,5 %
<u>NAV Hemsedal og Gol:</u>				
Sosialkontortjeneste, drift	850 208	956 626	106 418	12,5 %
Ytelse til livsopphold, inkl. tilskot til bu	1 000 000	1 000 000	0	0,0 %
Ytelse til livsopphold flyktninger, inkl. tilskot til bu	1 380 000	1 380 000	0	0,0 %
Kvalifiseringsordningen	400 000	400 000	0	0,0 %
Integreringstjenesten (Gol)	1 370 000	2 100 000	730 000	53,3 %
Introduksjonslønn (Gol)	1 800 000	3 500 000	1 700 000	94,4 %
Opplæring i norsk og samfunnsfag (Gol)	1 019 482	950 000	-69 482	-6,8 %
Tilskot frå udir til norsk og samfunnsfagopplæring	-1 019 482	-1 100 000	-80 518	7,9 %
Voksenopplæring Grunnskoleopplæring	650 755	680 000	29 245	4,5 %
Kombinasjonsklasse	42 000	100 000	58 000	138,1 %
Felles innkrevingskontor	244 732	250 000	5 268	2,2 %
Legevaktsentral (natt)	1 135 000	1 338 000	203 000	17,9 %
Legevaktsamarbeid (dag)	380 000	380 000	0	0,0 %
Intermediæravdeling (IMA)	1 087 000	1 564 000	477 000	43,9 %
Hallinghelse	965 282	1 201 092	235 810	24,4 %
Miljøretta helsevern	134 307	147 176	12 869	9,6 %
Hallingdal krisesenter	344 500	337 887	-6 613	-1,9 %
Hallingdal krisesenter - barnevernsvakt	344 500	337 887	-6 613	-1,9 %
Hallingdal Brann- og redningsteneste IKS	5 904 000	6 640 000	736 000	12,5 %
IKA Kongsberg IKS	305 798	310 000	4 202	1,4 %
PPT og OT Nedre Hallingdal IKS - grunnskole	1 006 406	1 492 622	486 216	48,3 %
PPT og OT Nedre Hallingdal IKS - bhg	372 232	552 065	179 833	48,3 %
Kommunerevisjon IKS/ Viken	899 000	879 500	-19 500	-2,2 %
<u>Sjølvkost:</u>				
Feiing	533 000	600 000	67 000	12,6 %
Hallingdal Renovasjon IKS	10 802 024	13 409 000	2 606 976	24,1 %
Sum IKS-avtalar og regionale samarbeid	49 398 712	54 100 736	4 702 024	9,5 %

6.3. Tilskot og overføringar

I framlegg til budsjett er det lagt inn overføringar og tilskot som bygger på strategisk næringsplan og gjeldande temaplanar.

Kommune si økonomiske handlerom er endra. Auke i pris- og lønnsvekst, manglande statleg kompensasjon for dette, auka finanskostnadar som følgje av investeringsprogram får og konsekvensar for kva kommunen kan bidra med for å stimulere til innovasjon og nyskapning.

Kommunen forventar ei auke i konsesjonsinntekter øyremerka kraft/- næringsfondet på kr. 320.000,- frå 2024. Denne auka vert fordelt ut for å kompensere for prisstigning hjå HTTL og HUS, samt tilført næringsfonda. I tillegg er det føresett ei overføring av restmidlar på estimert kr. 700.000 frå 2023 som vert tilført næringsfonda for 2024. Tilsvarende har ein føresett utbytte frå Strupa Gravset Hyttefelt AS på

attverande tomtosal, og gevinst i selskapet som og skal tilførast næringsfonda i 2025-2026. Dette er usikre tall, men det ligg verdiar i selskapet som skal tilbakeførast eigarane.

Det vert lagt til grunn ei reduksjon i tilskot til Hallingdal Etablerarsenter frå 2025. Dette indikerer ei retning. På same måte som at kommunen skal spare på eigen drift må og kommunen vurdere sine bidrag til ikkje lovpålagte oppgåver. Strategisk Næringsplan skal rullerast i 2024, og vil kunne presisere nærmare korleis retning ein ønskjer seg vidare her.

Oversikta syner tilskot innarbeida i budsjett etter innstilling frå formannskapet.

Budsjett og økonomiplan

Næringsstøtte	B2023	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027
HTTL - driftstilskot/kjøp av tenester	1 100 000	1 155 000	1 155 000	1 155 000	1 155 000
HUS - driftstilskot løypekjøring	500 000	800 000	800 000	800 000	800 000
HUS - driftstilskot sommer	280 000	330 000	330 000	330 000	330 000
HUS - driftstilskot tidligløypeprosjekt	350 000	350 000			
Hallingdal Næringshage	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
Hallingdal etablerarsenter	150 000	150 000	100 000	70 000	70 000
Diverse næringsstøtte	500 000	200 000	200 000	200 000	200 000
Ymse jordbruksformål	500 000	200 000	200 000	200 000	200 000
Utdeling av utbytte Strupa-Gravset	1 132 000	700 000	880 000	1 250 000	0
Næringsforvaltning	600 000	600 000	600 000	600 000	600 000
Landbruksforvaltning	430 000	430 000	430 000	430 000	430 000
Sum overføringsutgifter til næring	5 547 000	4 920 000	4 700 000	5 040 000	3 790 000

I administrasjonens framlegg lå det til grunn berre mindre justeringar for å kompensere for prisstigning. Tilskot til HUS vart auka i formannskapet si innstilling. Avtala mellom HTTL og kommunen må reforhandlast for 2024, og levering av tenester må konkretiserast før evt. auke kjøp av tenester.

Kommunestyret har løyvd kr. 350.000 i ekstra prosjektstønad til fremje for mellom anna tidleg skiløyper på Gravset i 2022-2023. HUS søkte om 1 mill. i tilskot for 2022-2024, og viste til arbeid med ein 5-årig strategiplan for løypenettet. Tilskotet vert vidareført for 2024, men framover i perioden har ein ikkje klart å prioritere å leggje inn vidare stønad, utover ei auke i ordinær driftsstønad til HUS.

Kommunen har ytt støtte til HIL med kr. 200 000 årleg 2021-2023. Det var sett vilkår om at HIL yter dugnadsinnsats til Hemsedal aktivitetspark. Føremålet med støtta var å løfte organisasjonen si driftsevne og administrative ressursar. Det har vore eit ønskje å gjennomgå støtteordningane og driftsavtalen. Tanken har vore at HIL i løpet av denne perioden skulle finne ei eigen inntektsmodell utan driftsstøtte frå kommunen. Stønad til HIL er ikkje vidareført i budsjettperioden, men må spesielt vurderast framover gjennom partnerskap og samarbeid.

Støtte til idrett, friluftsliv og fritid	År 2023	Budsjett og økonomiplan			
		År 2024	År 2025	År 2026	År 2027
Sykkelprosjekt - tilskot til investering					
Sykkelprosjekt - tilskot til drift					
Hemsedals aktivitetsanlegg (betongparken)	3 850 000				
Hemsedal aktivitetsanlegg - driftstilskot	100 000				
HIL - driftstilskot Gravsetstugo	30 000	31 500	31 500	31 500	31 500
HIL - driftstilskot	200 000	-			
HIL/Bua - driftstilskot Bua/kjøp av utstyr	30 000	31 500	31 500	31 500	31 500
Frivilligsentralen	160 000	168 000	168 000	168 000	168 000
Frivilligsentralen for ungdom	40 000	42 000	42 000	42 000	42 000
Hemsedal Medic	100 000	-			
Busspilot	400 000	750 000			
Solstad bru	100 000				
Hengebru Ulsåk	-				
Startup Extreme	200 000	-			
Sum overføringsutgifter andre	5 210 000	1 023 000	273 000	273 000	273 000

Kommunen har i 2023 vore med som garantist for ein busspilot viss mål har vore løfte kopling mellom buss og tog frå Gol stasjon til Hemsedal. Ekstrakostnaden for VY er på 3,1 mill. VY stiller garanti for 50% av summen 1,55 mill., og Hemsedal det same med HTTL og kommunen (kvar 25%). Dette skulle sikre kommunen syv bussturar t/r Hemsedal- Gol- Hemsedal kvar dag. Erfaringane frå 2023 syner lav respons, og underskot. I formannskapetets innstilling er ordninga vidareført i 2024, og tilskotet er auka frå kr 400.000,- i 2023 til kr 750.000,- i 2024.

Hemsedal kommune har ytt tilskot til Hemsedal Medic dei siste åra. Dette har vore eit viktig supplement til ambulanskapasitet, spesielt i høgsesong. Ordninga har ikkje vore evaluert godt, og kan oppfattast som ei lokal ordning som erstattar Helsefortaket sitt ansvar i høve ambulansberedskap. Ordninga bør evaluerast, og Helseforetaket må utfordrast meir offensivt før ein legg meir ressursar i ordninga. I 2023 rekneskapen vart tilskotet omdefinert til kjøp av tenester, sidan kommunen får motyting i form av vakt- og helsetenester. I formannskapetets innstilling er ordninga vidareført med kjøp av tenester for kr 100.000,- i 2024, og ei evt. ny avtale med Hemsedal Medic må vurderast i lys av lov om offentlege anskaffingar.

Startup Norway AS står bak Startup Extreme og har sidan 2010 vorte eit av Nordens leiande selskap innan ekspertise på å utvikle startup økosystemer. Eit sterkt lokalt startup økosystem er viktig for å skape nye arbeidsplassar, med startups som ein av dei viktigaste kjelder til nye arbeidsplassar. Startup Norway jobbar i dei fleste norske regionar, med program og arrangement for å inspirere og utdanne neste generasjon gründere, investorar og næringsliv. Dei har eit budsjett på ca. 1 mill. for arrangementet, og søker årleg kr 200.000 for åra 2023-2024.

Hemsedal kommune tok del som medarrangør i 2022 og 2023 i samarbeid med Regionrådet for Hallingdal, Hallingdal næringshage, Hallingdal Etablerersenter og Destinasjon Hemsedal. Arrangementet ønskjer Hemsedal som fast arr.stad. Start Up Extreme har føresetnader for å satse vidare mot å bli ein av Europas viktigaste arenaer for vekstselskap og alle deira støttespelarar. I 2022 deltok 255 start ups, 77 investorar samt andre støttespelarar - totalt 600 deltakarar. For 2023 syner arrangementet ei deltaking på 983 personar, mellom anna 142 investorar og 443 startupverksemder. Det er lagt til grunn ei omsetnad samla på om lag 5 mill. i form av ringverknadar for destinasjonen. Hemsedal kommune har lagt mykje tidsinnsats i arbeidet, både praktisk tilrettelegging, marknadsføring og medverknad. I tillegg har kommunen betalt kr 200.000 i kontantbidrag. Arrangementet er eit kommersielt arrangement, men har og stor næringsverknad for kommunen. I november 2023 har kommunen motteke ny søknad på kr 200.000,-. Det vert vidare søkt HTTL for kr 100.000, og kr 300.000 frå omstillingsprogrammet «Sats på Hallingdal». Det vert lagt til grunn

at eventuell vidare stønad må dekkast over næringsfondet – tiltaket må med andre ord konkurrere om tilskotsmidlar innanfor gjeldande budsjetttramme.

Kyrkja - fellesrådet

Kyrkja har i sitt framlegg til budsjett lagt inn ei auke i drift på 0,8 mill. for 2024 som følgjer av måling av kyrkja, samt generell auke på lønn. Grunna høgare overføring til drift, er det ikkje lagt inn nye investeringar i 2024. I 2025 og 2026 er det lagt inn 0,4 mill. til investering i lys og tinstraum til ny del av kyrkjegarden og 0,1 mill. til mikser.

Brannsikring, slokkeanlegg og nye nød og ledelys er ikkje ferdig, men avsetning til disposisjonsfond og unytta investeringsmidlar vil finansiere ferdigstilling av desse investeringstiltaka.

6.4. Nye driftstiltak

I tillegg til nye tiltak fremma av formannskapet og kommunestyret som omtalt innleiingsvis, legg administrasjon fram nye driftstiltak på til saman 2,3 mill. for 2024. 0,25 mill. er satt av til utreiing og analyse av eksisterande bygningsmasse og behov knytt til nytt helse- og omsorgsbygg, og kjem som følgje av utsett oppstart etter framlegg av ekstern rapport og formannskapetets innstilling.

Nye driftstiltak	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027
Administrasjon	342 000	222 000	264 060	249 060
Helse og omsorg	190 000	125 500	125 500	125 500
Flyktningar	0	0	0	0
Oppvekst	500 000	0	0	0
Kultur	150 000	0	0	0
Teknisk	800 000	750 000	150 000	150 000
Sum nye driftstiltak	1 982 000	1 097 500	539 560	524 560

Nytt driftstiltak i sentraladministrasjonen på 0,3 mill. i 2024 er implementering av verksemdstyringsverktøyet, Framsikt. Den skybaserte løysinga skal gjere arbeidet med analyse, budsjett og økonomiplan, rapportering og informasjonsutveksling meir effektivt, med redusert risiko og auka kvalitet.

Nye driftstiltak i helse- og omsorg på 0,2 mill. i 2024 er ei teneste for integrasjon mellom velferdsteknologi og elektroniske pasientjournalar, samt utbetring av løysing for lokalt hjelpemiddellager, reparasjonar og vedlikehald. Dessa tiltaka skal bidra til ein meir effektiv samhandling og bruk ulike hjelpemidlar.

Nytt driftstiltak i oppvekstetaten på 0,5 mill. i 2024 er midlar til å utbetre og utstyre barnehage i samsvar med rapport frå miljøretta helsevern og intern behovsavklaring.

Nye driftstiltak i teknisk etat er på 0,8 mill. i 2024. Driftstiltaka er tilpassa pågåande planarbeid.

Driftstiltak	Beskrivelse	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027
Driftsutgifter knytta til FIFA-anleggsplan	Jfr. FIFA- plan	150 000	150 000	150 000	150 000
Lettare miljø- og driftstiltak, jfr. K-sak 15/23 Smart Fjellbygd, Bruøyne (forutsetter Besøksforvaltning og resertifisering reisem	Netto kostnad eit årsverk, 2 årig prosjekt	150 000	400 000		
Utredning av rensekrav nitrogen	Kommunene har fått krav om å utrede evt. behov for nitrogenrensing	400 000	200 000		
Sum nye driftstiltak teknisk		800 000	750 000	150 000	150 000

Framlegg til tiltak følgjer langt på veg politiske prioriteringar i tråd med FIFA-plan, men og arbeid med Smart Fjellbygd. Framlegg til ramme dekker ikkje alle behov, men administrasjonen legg til grunn vidare arbeid med prosjektfinansiering for å fullfinansiere tiltak.

Eit sentralt område er arbeid med besøksforvaltning. Hemsedal er ein stor reiselivskommune i vekst. Arbeid med FIFA planen har synt behov for ein plan for besøksforvaltning. Det er uro hjå både grunneigarar og innbyggjarar kva gjeld ferdsel i utmark. Forvaltning handlar om «å ta vare på». Besøksforvaltning skal sikre at opplevinga vert god både for besøkande, grunneigarar og fastbuande, samstundes med at den lokale verdiskapinga vert størst mogeleg. Besøksforvaltning betyr difor at ein skal sikre ein berekraftig utvikling som er innafør grensane til det natur, landskap, miljø, lokalsamfunn og lokal kultur tole, samstundes med at det gir grunnlag for sunn næringsdrift og lokal verdiskaping. Målet med besøksforvaltning og besøksleiing er å finne den optimale balansen mellom bruk av ein stad og det å ta vare på staden sine ressursar på ei berekraftig måte. Det er sett av midlar i økonomiplan som kan finansiere opp ei prosjektstilling, saman med næring og fylkeskommunale midlar. Det føresett at ramma også kan dekke arbeid med resertifisering av reisemål. Det har ikkje vore høve til å jobbe fram ein prosjektplan, men ein legg til grunn at ramma skal dekke aktuelt tiltak.

Gründerhub er eit anna prosjekt det har vore jobba med i 2023. Det vert vist til eigen projektskildring lagt fram for formannskapet. Det må jobbast vidare med prosjektet, og ein må identifisere investor/ eigedomsutviklarar som kan ta eigarskap framover. Næringskonsulentens arbeid vert her kommunen si innsats, i tillegg til eventuelt bidrag frå næringsfondet dersom formannskapet ønskjer å prioritere dette. Kva rolle og risiko kommunen skal ta må vere forankra i ny Strategisk Næringsplan for periode 2024-2028, og sjåast saman med andre næringsutviklingsprosjekt/ aktørar regionalt.

6.5. Innsparings- og effektiviseringstiltak

Framlegg til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 bygger på føresetnaden av at den kommunale aktiviteten skal halde fram som vedtatt i førre økonomiplan og undervegs i 2023. Samstundes vil resultat av OU- prosessen identifisere tiltak som inneber omstilling og endringar. Sentralt i arbeidet vidare vil vere:

- Vurdere nivå og kvalitet på tenester
- Vurdere kutt i ikkje-lovpålagte oppgåver
- Vurdere ytterlegare mogelegheiter for å automatisere, strukturere og forenkle arbeidsprosessar
- Vurdere større strukturelle grep som samlokalisering, sentralisering og samarbeid med andre

Følgjande er allereie avdekka som moglege innsparingspotensiale:

- Ytterlegare effekt av sentralisering av skulen
- Auka bruk av velferdsteknologi

- Avhending av kommunal eigedom
- Oppfølging av strukturutvalet sine funn
- Tiltak for barnehagane, sentralisering, effektivisering

Med vidareføring av dagens drift er brutto driftsresultat ikkje lengre tilstrekkeleg til å dekke både auka finanskostnader og overføring til investeringar. Det er difor naudsynt å konkretisere effekt av innsparings- og effektiviseringstiltak om ikkje disposisjonsfondet skal tappast under anbefalt nivå på 30 mill. (måltallet på 8 % av driftsinntektene).

For å synleggjere ambisjonane for arbeidet med gjennomgang av tenestoområdene som tar til for alvor på nyåret er det lagt inn innsparingar som følgjar i økonomisk oversikt drift:

- 5 mill. i 2025
- nye 5 mill. i 2026, med samla årseffekt på 10 mill.
- nye 5 mill. i 2027, med samla årseffekt på 15 mill.

Hemsedal kommune har totalt 30 tilsette i aldersspenn 60-67. Det er viktig å planlegge korleis ein kan tilpasse drifta parallelt med naturleg avgang i organisasjonen. Seniorsegmentet innehar ein stor ressurs. Samstundes inneber naturleg avgang potensiale for å tilpasse drifta ifht økonomi og ønskja tenestenivå framover.

<u>Ansatte i aldersgruppen 60 - 67 år med fast stilling:</u>			
Administrasjon og ledelse sentralt:			3
Administrasjon og ledelse oppvekst:			3
Administrasjon og ledelse helse:			2
Utøvende tjenesteyting teknisk:			3
Utøvende tjenesteyting oppvekst			5
Utøvende tjenesteyting helse:			14
Totalt 30 personer			30

6.6. Økonomisk oversikt drift

Økonomisk oversikt drift viser eit brutto driftsresultat i 2024 på 11,5 mill. Med netto finans på 26,3 mill. og motpost avskrivningar på 24,3 mill. endar netto driftsresultat på 9,5 mill. Med bruk av disposisjonsfond på 5,2 mill. gjev det rom for overføring til investering på 20 mill. og tilsvarende redusert låneopptak i 2024.

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Økonomiplan 2024-2027			
			Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Driftsinntekter						
Rammetilskot	69 695 706	74 217 000	82 900 000	79 661 000	76 930 000	77 677 000
Inntekts- og formuesskatt	127 576 958	136 584 086	131 529 000	135 142 000	138 419 000	140 049 000
Eigedomsskatt	31 595 477	32 951 431	33 501 882	34 258 478	34 997 445	35 518 526
Andre skatteinntekter	7 591 284	7 590 000	7 910 000	7 910 000	7 910 000	7 910 000
Andre overføringar/tilskot frå staten	11 213 488	15 930 000	15 730 000	12 830 000	12 530 000	12 530 000
Overføringar/tilskot frå andre	56 483 726	36 465 187	38 646 336	33 699 141	33 751 989	33 823 560
Brukerbetalingar	10 355 537	10 023 272	10 810 443	9 661 323	9 914 357	10 134 857
Sals- og leigeinntekter	98 366 182	98 669 296	83 910 535	76 867 477	77 269 282	77 279 092
Sum driftsinntekter	412 878 359	412 430 272	404 938 196	390 029 419	391 722 073	394 922 035
Driftsutgifter						
Lønsutgifter	173 796 615	169 286 841	179 292 622	179 541 516	182 628 641	185 994 268
Sosiale utgifter	37 433 901	42 628 180	44 672 666	42 474 722	44 180 175	43 962 935
Kjøp av varer og tenester	119 656 026	121 549 047	123 565 300	116 376 606	119 396 321	117 430 669
Overføringar/tilskot til andre	30 691 097	20 634 597	21 597 348	16 285 317	15 933 165	14 389 736
Avskrivningar	16 893 272	20 620 000	24 363 844	24 438 844	24 528 843	24 528 843
Sum driftsutgifter	378 470 911	374 718 665	393 491 780	379 117 005	386 667 145	386 306 451
Brutto driftsresultat	34 407 448	37 711 607	11 446 416	10 912 414	5 054 928	8 615 584
Finansinntekter						
Renteinntekter	3 696 670	3 925 000	3 990 000	3 740 000	3 540 000	2 740 000
Utbytter	1 649 699	1 558 400	1 180 000	1 550 000	300 000	300 000
Renteutgifter	7 242 465	13 430 000	17 850 000	18 000 000	15 630 000	15 730 000
Avdrag på lån	11 964 530	12 000 000	13 600 000	14 800 000	15 200 000	16 000 000
Netto finansutgifter	-13 860 627	-19 946 600	-26 280 000	-27 510 000	-26 990 000	-28 690 000
Motpost avskrivningar	16 893 272	20 620 000	24 363 844	24 438 844	24 528 843	24 528 843
Netto driftsresultat	37 440 093	38 385 007	9 530 260	7 841 258	2 593 771	4 454 427
<i>Driftsmargin</i>	<i>9,1 %</i>	<i>9,3 %</i>	<i>2,4 %</i>	<i>2,0 %</i>	<i>0,7 %</i>	<i>1,1 %</i>
<u>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</u>						
Overføring til investering	45 241 939	100 706 207	20 800 000	10 550 000	7 550 000	4 050 000
Avsetninger til bundne driftsfond	10 163 994	5 334 267	5 059 279	5 946 083	4 063 713	5 988 165
Bruk av bundne driftsfond	-12 255 830	-14 744 353	-11 109 988	-7 990 589	-7 388 415	-3 814 571
Avsetninger til disposisjonsfond	0	27 270 093	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-5 710 010	-80 181 207	-5 219 031	-664 236	-1 631 527	-1 769 167
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disp./dekning av netto driftsresultat	37 440 093	38 385 007	9 530 260	7 841 258	2 593 771	4 454 427
Fremført til inndecking i senere år (merforbruk)		0	0	0	0	0

Avsetting og bruk av bundne sjølvkostfond og fond frå øyremerka tilskot

Det er underskot i sjølvkostrekneskapen i alle år i økonomiplanperioden. Meirforbruket finansierast ved bruk av bunde fond opparbeida i tidelegare periodar med underforbruk. Det følger av sjølvkostforskrifta at drifta kan utjamnast over periodar på fem år for å halde gebyra mest mogeleg stabile.

Netto avsetting eller bruk av sjølvkostfond er som følgjer i økonomiplanperioden:

- År 2024 : 3,6 mill. i bruk av bundne fond
- År 2025: 2,1 mill. i bruk av bundne fond
- År 2026: 1,8 mill. i bruk av bundne fond
- År 2027: 2,3 mill. i bruk av bundne fond

I tillegg til sjølvkostfond, er det i det kommunes rekneskap avsetting og bruk av fond frå øyremerka tilskot som ikkje vert nytta i det året det vert motteke. Det følgjer av økonomiforskrifta at alle tilskot skal inntektsførast i året dei er motteke. Det betyr at øyremerka tilskot som ikkje vert nytta i det same året som det er motteke, må avsettast på fond for å dekke kostnaden som kjem i seinare år. Medan mottak og bruk av tilskot innan det same året ikkje gjev resultateffekt, vil netto driftsresultat auke i eit år med mottak av tilskot (inntektsføring) og avsetting til bundne fond, for sidan å bli redusert i året tilskotet blir nytta (kostnadsføring) og bruk av fond registrert.

Netto driftsresultat korrigerert for avsetting og bruk av alle bundne fond er vist under.

	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Netto driftsresultat korr. for bundne fond	39 531 929	47 795 093	15 580 969	9 885 764	5 918 473	2 280 833
<i>Driftmargin korr. for bundne fond</i>	<i>9,6 %</i>	<i>11,6 %</i>	<i>3,8 %</i>	<i>2,5 %</i>	<i>1,5 %</i>	<i>0,6 %</i>

6.7. Bevilningsoversikt drift

Bevilningsoversikt - drift	Økonomiplan 2024-2027					
	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Rammetilskot	69 695 706	74 217 000	82 900 000	79 661 000	76 930 000	77 677 000
Inntekts- og formueskatt	127 576 958	136 584 086	131 529 000	135 142 000	138 419 000	140 049 000
Eigedomsskatt	31 595 477	32 951 431	33 501 882	34 258 478	34 997 445	35 518 526
Andre generelle driftsinntekter	18 804 772	23 520 000	23 640 000	20 740 000	20 440 000	20 440 000
Sum generelle driftsinntekter	247 672 914	267 272 517	271 570 882	269 801 478	270 786 445	273 684 526
Sum bevilningar drift, netto	196 372 193	208 940 910	235 760 622	234 450 218	241 202 672	240 540 097
Avskrivningar	16 893 272	20 620 000	24 363 844	24 438 844	24 528 843	24 528 843
Sum netto driftsutgifter	213 265 465	229 560 910	260 124 466	258 889 062	265 731 515	265 068 940
Brutto driftsresultat	34 407 448	37 711 607	11 446 416	10 912 416	5 054 930	8 615 586
Renteinntekter	3 696 670	3 925 000	3 990 000	3 740 000	3 540 000	2 740 000
Utbyte	1 649 699	1 558 400	1 180 000	1 550 000	300 000	300 000
Gevinster/tap finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	7 242 465	13 430 000	17 850 000	18 000 000	15 630 000	15 730 000
Avdrag på lån	11 964 530	12 000 000	13 600 000	14 800 000	15 200 000	16 000 000
Netto finansutgifter	-13 860 627	-19 946 600	-26 280 000	-27 510 000	-26 990 000	-28 690 000
Motpost avskrivninger	16 893 272	20 620 000	24 363 844	24 438 844	24 528 843	24 528 843
Netto driftsresultat	37 440 093	38 385 007	9 530 260	7 841 260	2 593 773	4 454 429
<u>Disp./dekking netto driftsresultat.</u>						
Overføring til investering	45 241 939	100 706 207	20 800 000	10 550 000	7 550 000	4 050 000
Avsetninger til bundne driftsfond	10 163 994	5 334 267	5 059 279	5 946 083	4 063 713	5 988 165
Bruk av bundne driftsfond	-12 255 830	-14 744 353	-11 109 988	-7 990 589	-7 388 415	-3 814 571
Avsetningar til disposisjonsfond	0	27 270 093	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-5 710 010	-80 181 207	-5 219 031	-664 236	-1 631 527	-1 769 167
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disp./dekking av netto drift	37 440 093	38 385 007	9 530 260	7 841 258	2 593 771	4 454 427
Fremført til inndekking i seinare år	0	0	0	0	0	0

Bevilling pr område

Sentraladministrasjon	Økonomiplan 2024-2027					
	År 2022	Rev. B2023	B2024	B2025	B2026	B2027
LØN OG SOSIALE KOSTNADER	16 031 315	17 584 543	18 213 434	14 897 328	11 561 314	8 294 007
KJØP VARER/TENESTER KOMM. EIGENPROD.	6 699 513	9 679 800	6 857 489	4 712 782	3 836 013	2 915 429
KJØP TENESTER ERSTATTER KOMM. EIGENPROD.	2 682 825	4 298 675	4 798 650	4 929 794	5 065 921	5 207 221
OVERFØRINGSUTGIFTER	3 133 445	3 067 871	4 273 126	3 175 165	3 038 665	2 895 665
SALSINNTEKTER	-754 797	-867 000	-872 000	-877 000	-882 000	-882 000
REFUSJONAR	-985 110	-597 125	-1 167 290	-502 165	-268 665	-25 665
Sum beviltingar sentraladministrasjon	26 807 191	33 166 764	32 103 409	26 335 904	22 351 248	18 404 657
Sum beviltingar eks. innsparingstiltak		33 166 764	32 103 409	31 335 904	32 351 248	33 404 657

Kultur	Økonomiplan 2024-2027					
	År 2022	Rev. B2023	B2024	B2025	B2026	B2027
LØN OG SOSIALE KOSTNADER	3 400 056	4 019 803	5 443 020	5 147 387	5 336 217	5 532 227
KJØP VARER/TENESTER KOMM. EIGENPROD.	1 239 483	1 038 000	1 327 533	1 017 318	1 018 927	1 020 596
KJØP TENESTER ERSTATTER KOMM. EIGENPROD.	23 314	110 000	98 442	100 283	102 193	104 176
OVERFØRINGSUTGIFTER	1 383 656	1 130 000	881 381	808 900	808 900	793 900
SALSINNTEKTER	-302 018	-422 000	-422 000	-422 000	-422 000	-422 000
REFUSJONAR	-455 764	-77 000	-575 881	-154 400	-154 400	-154 400
OVERFØRINGSINNTEKTER	-357 000	0	0	0	0	0
Sum beviltingar kultur	4 931 727	5 798 803	6 752 495	6 497 488	6 689 837	6 874 499

Oppvekst	Økonomiplan 2024-2027					
	År 2022	Rev. B2023	B2024	B2025	B2026	B2027
LØN OG SOSIALE KOSTNADER	82 831 863	75 773 938	80 271 669	82 054 440	84 603 539	87 699 058
KJØP VARER/TENESTER KOMM. EIGENPROD.	9 403 135	7 758 562	7 891 232	6 808 653	6 821 547	6 834 901
KJØP TENESTER ERSTATTER KOMM. EIGENPROD.	2 382 575	2 468 393	3 232 679	3 355 521	3 483 031	3 615 385
OVERFØRINGSUTGIFTER	1 016 168	542 976	2 726 196	1 079 696	1 079 696	1 079 696
SALSINNTEKTER	-5 967 869	-5 957 272	-5 964 443	-4 615 323	-4 658 357	-4 658 357
REFUSJONAR	-11 658 286	-4 795 830	-5 477 020	-4 750 520	-4 750 520	-4 750 520
OVERFØRINGSINNTEKTER	-4 708	0	0	0	0	0
Sum beviltingar oppvekst	78 002 878	75 790 767	82 680 313	83 932 467	86 578 936	89 820 163

Flyktningar	Økonomiplan 2024-2027					
	År 2022	Rev. B2023	B2024	B2025	B2026	B2027
LØN OG SOSIALE KOSTNADER	0	1 626 450	1 568 214	1 488 768	1 474 806	1 462 640
KJØP VARER/TENESTER KOMM. EIGENPROD.	0	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000
KJØP TENESTER ERSTATTER KOMM. EIGENPROD.	0	7 941 482	8 330 000	6 230 000	6 230 000	6 230 000
OVERFØRINGSUTGIFTER	0	10 500	18 000	18 000	18 000	18 000
SALSINNTEKTER	0	0	0	0	0	0
REFUSJONAR	0	-1 029 982	-1 118 000	-1 118 000	-1 118 000	-1 118 000
Sum beviltingar flyktningar	0	8 698 450	8 948 214	6 768 768	6 754 806	6 742 640

	Økonomiplan 2024-2027					
	År 2022	Rev. B2023	B2024	B2025	B2026	B2027
Helse og omsorg						
LØN OG SOSIALE KOSTNADER	91 097 240	84 580 484	90 713 089	90 946 128	94 313 552	97 358 911
KJØP VARER/TENESTER KOMM. EIGENPROD.	11 064 842	7 504 000	7 947 979	7 168 842	7 201 964	7 236 346
KJØP TENESTER ERSTATTER KOMM. EIGENPROD.	36 551 828	29 585 797	26 757 445	27 262 987	27 785 702	28 329 320
OVERFØRINGSUTGIFTER	5 301 280	3 490 000	1 869 620	1 756 270	1 759 228	1 762 299
SALSINNTEKTER	-5 794 279	-5 779 180	-5 821 000	-6 031 000	-6 251 000	-6 481 500
REFUSJONAR	-36 438 420	-23 742 000	-24 249 120	-21 355 770	-21 658 728	-21 961 799
OVERFØRINGSINNTEKTER	-15 600	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Sum bevilningar helse og omsorg	101 766 891	95 629 101	97 208 013	99 737 457	103 140 718	106 233 577

	Økonomiplan 2024-2027					
	År 2022	Rev. B2023	B2024	B2025	B2026	B2027
Teknisk						
LØN OG SOSIALE KOSTNADER	27 194 391	28 329 803	29 963 601	30 977 419	32 081 554	33 227 654
KJØP VARER/TENESTER KOMM. EIGENPROD.	27 963 620	29 860 906	29 910 610	28 890 203	28 094 657	28 741 003
KJØP TENESTER ERSTATTER KOMM. EIGENPROD.	21 209 854	20 728 432	25 838 241	25 325 221	29 181 364	26 621 290
OVERFØRINGSUTGIFTER	17 770 211	9 418 250	9 754 025	8 072 285	8 003 675	6 765 175
SALSINNTEKTER	-40 858 348	-38 667 116	-48 191 535	-52 583 477	-55 970 282	-57 970 092
REFUSJONAR	-6 447 369	-6 110 250	-5 946 025	-5 705 285	-5 688 675	-5 700 175
OVERFØRINGSINNTEKTER	-30 973	-28 000	-28 000	-28 000	-28 000	-28 000
Sum bevilningar teknisk	46 801 386	43 532 025	41 300 917	34 948 366	35 674 293	31 656 855

	Økonomiplan 2024-2027					
	År 2022	Rev. B2023	B2024	B2025	B2026	B2027
Frie inntekter og finans, inkl. sal av kraft						
LØN OG SOSIALE KOSTNADER	-9 324 349	0	-2 207 739	-3 495 232	-2 562 166	-3 617 294
KJØP VARER/TENESTER KOMM. EIGENPROD.	135 039	125 000	125 000	125 000	125 000	125 000
KJØP TENESTER ERSTATTER KOMM. EIGENPROD.	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
OVERFØRINGSUTGIFTER	2 086 336	2 975 000	2 075 000	1 375 000	1 225 000	1 075 000
SALSINNTEKTER	-55 044 408	-57 000 000	-33 450 000	-22 000 000	-19 000 000	-17 000 000
REFUSJONAR	-90 497	-75 000	-75 000	-75 000	-75 000	-75 000
Sum bevilninga Frie inntekter og finans	-61 937 879	-53 675 000	-33 232 739	-23 770 232	-19 987 166	-19 192 294

Løn og sosial kostnader på området fri inntekter og finans kjem mellom anna som følgje av føringar av årets premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik på eiga tenester i samsvar med KOSTRA.

6.8. Investerings tiltak

Pr. 1.1.2023 hadde Hemsedal kommune ei lånegjeld på kr 282 millionar. Gjeldsgraden var da på 68 %, og dermed betre enn målalet på 75 %. Forventa lånebehov i 2023 er etter budsjettendring nr. 4 berekna til 58,5 mill. etter overføringar frå drift, disponeringar og bruk av disposisjonsfond. Samla lånegjeld er venta å vere på 328,7 mill. pr. 1.1.2024.

For 2024 er det fremma forslag om sum netto investeringar på 56,1 mill. etter utsett sal av Båstø (inntekt på 4 mill. flytta til 2024 i budsjettendring nr. 4 2023) og utsett oppgradering av kommunehuset (kostnad på 0,9 mil. flytta til 2024 i budsjettendring nr. 4 2023). 16,3 mill. er ordinære investeringar og 52,2 mill. er sjølvkostinvesteringar. Overføring frå drift er på 20,8 mill. i 2024. Det er i samsvar med handlingsregel om eigenfinansiering, og reduserer behov for låneopptak. Utover i økonomiplanperioden minkar høve til overføringar grunna lågare driftsresultat, og kommunen oppfyller ikkje målet i handlingsregelen. Skal investeringsambisjonane oppretthaldast, er det difor naudsynt å effektivisere drifta meir enn dei 15 mill. som ligg til grunn for siste år av økonomiplanperioden. Viss ikkje blir rente- og avdragskostnadene for tunge å bere for driftsrekneskapen i åra som kjem.

Investeringar	År 2022	Rev. B2023	B2024	B2025	B2026	B2027
Ordinære investeringar	71 736 031	103 332 208	16 288 616	10 300 000	26 116 000	58 850 000
Sjølvkost	13 505 243	51 837 397	52 157 500	17 687 500	6 937 500	10 987 500
Utbyggingsavtaler	-6 451 253	-8 000 000	-8 000 000	-8 200 000	-8 480 000	-8 480 000
Kirken	500 000	1 000 000	0	400 000	100 000	0
Sal av tomter	-2 231 949	-860 000	-4 940 000	-6 940 000	-3 000 000	0
Kjøp av aksjer/andeler	3 533 645	549 159	550 000	550 000	550 000	550 000
Sum netto investeringar	80 591 717	147 858 764	56 056 116	13 797 500	22 223 500	61 907 500

Sum planlagde investeringar i økonomiplanperioden vil gje ei auke i gjeld på 144,4 mill. Samla lånegjeld ved slutten av året 2027 vil då vera på 413,6 mill. med ei berekna gjeldsgrad på 105 %.

Faktisk lånebehov vil kunne avvike frå budsjettet bruk av lån dersom kommunen har unyttta lånemidlar frå året før. Pr. 1.1. 2023 har Hemsedal kommune ingen unyttta lånemidlar til finansiering av investeringar.

I tillegg til investeringar i VAR-området (sjølvkost), er det særleg tre store investeringsprosjekt som pregar investeringsrekneskapen i åra som kjem.


- 61,5 mill. til ny 8-avd.barnehage. Skal effektivisere barnehagedrifta og betre kvardagen for små og store. Foreslått ferdigstilling år 2027.
- 30 mill. til utviding av hallkapasiteten. Skal gje meir halltid for gjennomføring av kroppsøvfaget i skulen. Foreslått ferdigstilling i 2028. (Det er skissert ei løysing om bruk av andre bygg og uteområde i ei overgangsperiode som er vurdert til å tilfredsstille krav til undervisning i kroppsøvfaget.)
- 76 mill. til nytt helse- og omsorgsbygg. Skal effektivisere samhandling mellom dei ulike tenestene og gje nye omsorgsbustader. Investering er etter framlegg av ekstern rapport flytta ut av økonomiplanperioden, med foreslått ferdigstilling i år 2030. Det er sett av midlar i driftsbudsjettet 2024 for å utreie bruk av eksisterenda bygg opp mot framtidige behov.

Som fylgje av investeringar i nybygg vil nokre nye driftskostnadar kome til, mens andre fell bort når gamle bygg vert teke ut av bruk. Vi forventar samla sett ei effektivisering av drifta som vil demme opp for framtidig prisauke og auke i aktivitet, men dette bilete er ikkje klart før endeleg avgjerd om barnehageutvikling og bruk av dei gamle skulebygga er teke.

Det vil i planperioden kome til nye driftskostnadar ved ferdigstilling og overtaking av vegar og anna infrastruktur.


Det vil vera infrastrukturinvesteringar knytt til utbyggingsavtale med HIAS i planperioden. Tilskot gjennom HIAS-avtalen vert avsett på bundne fond frå 2023, slik at framtidige investeringar finansierast gjennom bruk av bundne fond. Avsetting til bundne fond vil redusere kommunen sitt disposisjonsfond tilsvarande.

I grafen under kan planlagde investeringar dei neste ti åra sjåast i forhold til dei låge investeringane i tidelegare år - her tilbake til år 2015.



Med investeringsplan som skissert vil det forventet lånebehovet gje ei lånesaldo på opp mot 500 mill. i 2030. Det blir da særleg viktig å ha ein solid og berekraftig drift som kan handtere høgare rente- og avdragskostnader, og sikre eigenfinansiering gjennom overføring frå drift.

Årlig låneopptak og utvikling lånesaldo over tid



Grunnkjøp

Planen har vore å kjøpe Øya Camping for å gjennomføre gjeldande reguleringsplanar som legg opp til kollektivknutepunkt, areal for trafikkløysning/ ny bru over Heimsila og parkering/ arrangementslette på Øya. Kommunestyret har tidlegare gjort ekspropriasjonsvedtak, som no er forelda. Avtand mellom kommunal ramme og forlangande er på ca. 15 mill. Samstundes har stadsutviklingsarbeidet Smart Fjellbygd reist spørsmål om gjeldande reguleringsplan er ønska. Utvikling i Trøym sentrum er avhengig av ein framtidig vegløysning som er gjennomførbar. Bustadplan syner behov for sentrumsnære funksjonar, og Smart Fjellbygd legg til grunn mindre bilbruk og meir blågrøn infrastruktur som premiss for gode lokalsamfunn. Det er difor naudsynt å avklare kva mulighetsrom ein har i området, og dette vert heilt avgjerande å avklare gjennom kommande planprosess. Slik uvisse er i området er det difor ikkje grunnlag for grunnkjøp enno, og ein har difor utsett ei slik investering. Samstundes ligg det inne investeringar i grunnkjøp fram i tid, men også naudsynte investeringar i tråd med gjeldande HIAS avtale.

Hall for kroppsøving og idrett

I ramme for 2023-2026 var det avsett kr. 30 mill til ny hall. Det har gjennomført ein anbodskonkurranse på konsulenttenester og ekstern konsulent har utarbeida ein mogelegheitsstudie på idrettshall. Denne syner at areal vest for Trøymshallen kan eigna seg. Økonomisk ramme på kr. 30 mill dekkjer imedan ikkje dei behova både Oppvekst, og Idretten ønskjer. Ønskja behov frå Skula er (behova er ikkje samstundes);

- 3 minihåndballbaner på tvers
- 7 badmintonbaner
- En basketball matchbane
- Tre basketballbaner på tvers
- En volleyballbane
- Tre volleyballbaner på tvers
- Ni bordtennisarenaer
- To tette skillevegger
- Dusjer med skillevegger for å øke andel elever som dusjer etter kroppsøving

Andre interessegrupper (HIL etc.) har meldt inn sine behov, sjå mogelegheitsstudie. Skal slike behov dekkast snakkar me om investeringar mellom kr. 50-80 mill. Dette har ikkje kommunen råd til. Konsulent har difor vorte utfordra på å skissere løysningar som dekker skula sine behov. Her vert det skissert 4 forskjellige alternativ, der ein tilrår nybygg med minst mulig hallflate. Konseptet legger opp til en hallflate tilpasset volleyball som inneheld garderober og lager tilpassa krav for å kunne søke spellemidlar. Konseptet vil doble skolen si kapasitet for kroppsøving og vil vere tilstrekkelig til å kunne tilby samtlige elever all undervisning i kroppsøving i hall.

Konseptet gir og idretten betre vilkår med tanke på hallflate og inneheld funksjonar som vert vurdert å vere fullverdige med tanke på garderober og for lagring av utstyr. Aktivitetsflata gir begrensinger på utførelse av nokon idrettar, eksempelvis handball. Det vert lagt til grunn ei estimert investering på rundt 50 mill netto. I høve kommuna si økonomiske løfteevne vert det tilrådd å jobbe vidare med plan og prosjekteringsarbeid. Det vert tilrådd følgjande alternative grep;

- Samle delte grupper og dermed frigi tid i hall. Det er mogeleg å frigje ein time til kvar av gruppene på småtrinnet ved å berre å samle grupper av elever på eldre trinn med færre enn 30 elever. Dette er ikkje nokon permanent løysing, men er fullt mogeleg å gjennomføre med god voksenteitet.

- Rullering inne/ute. Det er fleire mål som legg opp til utendørs aktivitet etter samtlige årstrinn. Det bør vurderast ein løysing der klassar rullerer på å ha tilgang til Trøymshall. Dette vil muliggjøre undervisning for samtlige trinn i hallen.

Det bør vurderast alternativ bruk av eigen bygningsmasse som ei mellombels løysning.

Formannskapet innstilte på å bevillge 30 mill. til å auke hallkapasiteten i 2028.

Kunstgrasdekke Hemsedal skule

HIL har ved tidlegare høve stilt spørsmål om kommunen bør etablere eit delanlegg friidrett i staden for aktivitetspark (6 element). På oppdrag frå Hemsedal idrettslag har Norconsult sett på moglegheitene for oppgradering av aktivitetsanlegget som ligg i tilknytning til Hemsedal skule. Føremålet med oppdraget er å finne ut om, og eventuelt korleis, anlegget kan oppgraderast til eit anlegg med betre friidrettsfasilitetar. HIL har fått utarbeida eit konsulentrapport som syner potensiale, forutsatt at kommunen legg i 4,2 mill.

Framlegg til rapport er oversendt rett før ferdigstilling av økonomiplan, og er difor ikkje vorte kvalitetssikra eller vurdert nærmare i investeringsbudsjettet. Uansett, eit sentralt spørsmål for kommunen er kor kommunen skal legge investeringsmidlane for friidrett så lenge ein har Sentralidrettsanlegget ved Hugnadheim.

Utlån av egne midlar

Hemsdal kommune har pr. november 2023 kr 9,5 mill. i uteståande lån til Hemsedal aktivitetsanlegg (HAAS). Kr 4,6 mill. er lån knytt til spelemidlar og meirverdiavgiftskompensasjon, medan 4,8 mill. er lån etter utløysing av lånegaranti.

Grunna uvisse kring tilbakebetalingstidspunkt er det ikkje budsjettert motteke avdrag på utlån av egne midlar i økonomiplanperioden. 48 % av lånet er trygga gjennom forventning om spelemidlar og meirverdiavgiftskompensasjon, medan 52 % er avhengig av at næringa bidreg med si del av finansiering av sykkelsatsinga. Det er ikkje utført anna risikovurdering av desse utlåna.

Det er ikkje budsjettert med ytterlegare utlån. Det forutset at rest på kr 1,4 mill. i vedteke lånegaranti til HAAS ikkje vert utløyst.

6.9. Bevilgningsoversikt investering

	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Økonomiplan 2024-2027			
			Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Investeringar i varige driftsmidlar	106 520 345	202 396 854	70 697 529	32 902 529	37 047 529	83 765 029
Tilskot til andres investeringar	1 284 971	1 000 000	784 971	1 184 971	884 971	784 971
Investeringar i aksjer og andeler i selskaper	3 533 645	549 159	550 000	550 000	550 000	550 000
Utlån av eigne midlar	1 630 000	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	112 968 961	203 946 013	72 032 500	34 637 500	38 482 500	85 100 000
Kompensasjon for merverdiavgift	17 241 450	25 827 249	3 765 000	2 700 000	4 779 000	14 712 500
Tilskot frå andre	11 114 489	29 200 000	8 200 000	11 200 000	8 480 000	8 480 000
Sal av varige driftsmidlar	2 391 304	1 060 000	940 000	6 940 000	3 000 000	0
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskaper	0	0	0	0	0	0
Motteke avdrag på utlån av eigne midlar	2 250 000	0	0	0	0	0
Bruk av lån	39 008 115	58 490 543	46 577 500	11 447 500	23 153 500	66 337 500
Sum investeringsinntekter	72 005 359	114 577 792	59 482 500	32 287 500	39 412 500	89 530 000
Vidareutlån	83 533	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Bruk av lån til vidareutlån	0	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Avdrag på lån til vidareutlån	619 300	650 000	650 000	650 000	650 000	650 000
Motteke avdrag på vidareutlån	1 124 387	650 000	400 000	650 000	650 000	650 000
Netto utgifter vidareutlån	-421 553	0	250 000	0	0	0
Overføring frå drift	-45 241 939	-100 706 207	-20 800 000	-10 550 000	-7 550 000	-4 050 000
Avsetninger til bundne investeringsfond	8 212 432	11 337 986	8 000 000	8 200 000	8 480 000	8 480 000
Bruk av bundet investeringsfond	-522 473	0	0	0	0	0
Avsetninger til ubundet investeringsfond	3 023 804	860 000	940 000	6 940 000	3 000 000	0
Bruk av ubundet investeringsfond	-6 013 872	-860 000	-940 000	-6 940 000	-3 000 000	0
Dekking av tidlegare års udekkja beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetjingar	-40 542 049	-89 368 221	-12 800 000	-2 350 000	930 000	4 430 000
Fremført til inndekking i seinare år	0	0	0	0	0	0

6.10. Investeringsplan pr. prosjekt

Prosjekt	Prosjektnavn	B2024	B2025	B2026	B2027
003	Flomsikring kjeller kommunehus	450 000			
004	Brannstasjon - forprosjekt utbedring	250 000	1 000 000		
005	Investering bygg jfr FDV- plan		1 000 000	1 000 000	1 000 000
007	Veglys - LED-lamper (Sjekk Enova)	1 000 000	500 000		
008	Sentralskule HBU, lagerbygg/inkl. opparb. O1	1 000 000	-3 000 000		
010	Krikken ny drikkevasskilde	42 370 000			
011	Nødstrømsagregat		1 800 000		
021	Barnehager	500 000	1 000 000	5 000 000	54 950 000
024	FIFA- plan - investeringer		500 000	500 000	500 000
025	Turveg frå Bruøyne til Thorsetvegen	700 000			
025	Turveg frå Bruøyne til Thorsetvegen - tilskot	-200 000			
031	Kjøp/salg av aksjer - innskudd KLP	550 000	550 000	550 000	550 000
032	Overtakelse av anlegg med justeringsrett	-12 500	-12 500	-12 500	-12 500
033	Biler eigedom (håndverkerbil)	200 000		500 000	
033	Biler vann og avløp		1 500 000		
042	Sal av tomter - Strupa II	-440 000	-440 000		
042	Sal av sentrumsnære komm. Tomter (BK2 m.m.)		-6 000 000	-3 000 000	
049	Tiltak trafikktryggleiksplan (tidligere bussholc	500 000			
051	Investring i vei - hovedplan for Veg				1 400 000
053	Ny driftskontroll kommunale VA-anlegg	1 500 000			
055	Rehabilitering ledningsnett m.m.	1 000 000	1 000 000	1 000 000	2 500 000
056	Utviding av returpunkt - prosjekt "færre og s	1 500 000	2 300 000		
065	Helse- og omsorgsbygg, omsorgsbustader i	0	0	0	0
078	Forsterking/asfalt Haugavegen m.m.	465 000			
092	Trykkøkingsstasjon Skogajordet	1 000 000	1 500 000		
102	Ny veg FV233 - Lauparvegen - bidrag - refusjon		-200 000	-480 000	-480 000
117	Kyrkja	0	400 000	100 000	
118	VA-ledning Holdebakken - Tuv	4 000 000			
123	HIAS- finansiering i tråd med bet.plan. Eks. V	-8 000 000	-8 000 000	-8 000 000	-8 000 000
128	Oppgradering Bygdaheimen - flytte trafo, tel	3 500 000			
132	Rehab. ledningsnett Krikken VV - Trøim RA			950 000	8 500 000
138	Opparb av g/s veg Kyrkjebøveg -Skadvin jfr.	3 000 000			
160	Rehab. ledningsnett Ulsåk RA - Svøo		4 400 000		
162	GS-veg langs Torsetvegen (ny bru 2015-16)		5 000 000	12 000 000	
176	Oppgradering/auke av hallkapasitet	3 000 000			1 000 000
217	Grasklyppar med utstyr			116 000	
222	Høgdebasseng Kjelhovda	300 000	5 000 000		
224	Utvidelse av Ålstveit høgdebasseng			5 000 000	
232	Automatisering/ombygging biblioteket	300 000			
237	Ultralydapparat	195 000			
242	VA-ledning BU6	500 000	2 000 000		
250	Innløs Golf/Alpin	-500 000	-500 000		
251	Grunnkjøp	500 000	2 500 000	7 000 000	
	Sum netto investeringar eks. mva	59 127 500	13 797 500	22 223 500	61 907 500

6.11. KOSTRA-nøkkeltal og analyse

Hemsedal kommune tar i bruk analysemodulen til verksemdsstyringsverktøyet Framsikt i november 2023. I modulen får kommunen direkte tilgang til KOSTRA-tal og ein rekke anna offentlege statistikkdata.

Forslag til nøkkeltalsplan er utarbeida som eit tillegg til økonomiplanen. Frå 2024 vil tala verte innarbeida som ein integrert del av kommunen si rapportering og budsjett- og økonomiplan.

7. GEBYR OG BETALINGSSATSAR

7.1. TEKNISKE TENESTER

